


ÅRBOK FOR SYKKYLVEN 1994



SYKKYLVEN SOGENEMND

INNHALD:

'side

Hermann Starheimsæter: Vatn	1
Roald Solheim: Føreord	2
Eldar Høidal: Rapport frå Sykkylven sogenemnd.....	3
Astor Furseth: Med Aure som leikeplass	4
Oddveig Stave Moe: Arbeidskyrkja på Ikornnes	8
Roald Solheim: Dokter Bendixen, I presume?	10
Signe Villa: Sengahalten	17
Signe Villa: Sulkommen	17
Liv Aksnes og Karen Elise Matheson: Kvinnesamarbeid - på tvers	18
Henrik Straumsheim: Pilegrim.....	20
Olav O. Løseth: Ramstaddal: Grenda vår	21
Ole Elias Emdal: Helsing frå Fjellseter	24
Barbro Myrseth Gjerde: Knut Myrseth - kunstmaleren, min far.....	25
Varg: Sykkylvsbygda.....	29
Flyttardagen.....	30
Øystein Eliassen: Naturlegen Inga Grebstad.....	34
Leonhard Hole: Heimestyrkane i Sykkylven under 2. verdskrigen	36
Martin Furseth: Hotell Søndmør - eit 125-års jubileum.....	38
Ingjerd Asbjørnsen: Huset på Klokkehaugen	40
Roald Solheim: Lars L. Utgård, 90 år.....	42
Per Eldar Linge: Sykkylven så det susar i historia.....	46
Nils Einar Rye: Dikt.....	50
Corrado Genta og Per Robert Tafjord: Sommerdag	52
Petter Kursetgjerde: Å vere rik	baksida

Utgjevar: Sykkylven Sogenemnd

Sats og montasje: Sykkylvsbladet

Skrift: Times 11/12 (tekst), Goudy Bold Italic (titlar).

Prent: Cylindertrykk A/S

1994

ISSN 0804-2225

Framsida foto: Ole Jostein Fet tok dette biletet av gjøglartoget under Landsstemna som Noregs Ungdomslag arrangerte i Sykkylven, månadsskiftet juni-juli 1994.

Hermann Starheimsæter er forfattar på heiltid og han er busett i Sykkylven. Han har skrive romanar, noveller og dikt.



Hermann Starheimsæter.

Vatn

Vatn var noko som glei unna
snudde seg, vrengde seg
stupte over ein stein
og gjekk under
kom opp som skum
som kvervlar på tvers
som dette umoglege
punkt av ro
der straumen er som sterkast

Vi ville fanga vatnet
gripa songen i det
Stod i bre-elvane
til beina visna under oss
og fylte hendene med kulde
Leika oss med is innkapsla
strå i bekkefarete
slik vatnet leika seg
- det vart ein annan song

Talde pulsslag under isen
Fryda oss med vinden
som rifla vatnet oppå isen
og meinte at vi var på sporet
At vi omsider nærma oss ein
roleghyl i sola
Varm nok for rumpetroll
djup nok for oss
- for oss frå topp til tå



Teikning: Lars Peter Dahle

Føreord

Årbok for Sykkylven har som mål å vere eit skrift som speglar av kulturlivet i bygda i fortid og notid. Tradisjonen tru legg vi også dette året vekt på lokalhistorisk stoff, lyrikk og teiknekunst. I tillegg har vi med to nye element: målararkunst og musikk. Vi har rikare og langt fleire kjelder å ause av enn vi i utgangspunktet var klar over. Vel visste vi at her var ein og annan personen som tuska med ting, men omfanget var vi vel neppe heilt medvitne om. Det er berre flikar av kjortlane vi har med her. Meir ventar, og mykje vert til etter kvart.

Dei føregåande årbøkene har blitt godt mottekne både av pressa og av lesarar elles. Skriftstyret har fått nyttige tilbakemeldingar. Dette er viktig for motivasjon og produkt utvikling. Dei som syslar med skriftet må vite om stoffval og utsjånad på skriftet fell i smak, eller om vi bør endre noko. Skriftstyret

ynskjer å vere fagleg sakleg, men samstundes å engasjere. Stoffet må vere tilgjengeleg. Årbøkene må bli lesne, drøfta og spreidde av flest mogleg. Skriftstyret vonar også i år på friske tilbakemeldingar.

Årbok for Sykkylven 1994 er i hovudsak eit resultat av det vi kan kalle kulturdugnad. Skriftstyret vil takke alle tilfangsytarane for innsatsen. Vi vil også takke næringslivet for annonsekjøp, og Folkebiblioteket og skulane for deira støtte ved marknadsføringa.

Med helsing
Roald Solheim
redaktør

I redaksjonen:
Roald Solheim (redaktør)
Ole Jostein Fet.
Ragnhild Grebstad Hole.
Eldar Høidal og Kjetil Tandstad.



Motiv frå Straumen bru, mot Straume. (Foto: Eldar Høidal)

Rapport frå Sykkylven Sogenemnd

Av ELDAR HØIDAL

Sykkylven Sogenemnd har lagi bak seg eit nytt aktivt år. I 1994 har vi arbeidd vidare etter den planen vi laga då vi tok til i nemnda i 1992. Eit hovudsikte mål for oss er å bli synlege for folk i bygda. I vår skipa vi såleis til ein kulturkveld i Sykkylven bibliotek der temaet var sæterdrift og vern av gamle sætremiljø. JonTvinnereim frå Volda fortalde og viste lysbilete frå registreringsprosjektet sitt. I samband med kulturkvelden vart «Årbok for Sykkylven 1993» presentert. Årboka er det sogenemnda som gjev ul. Vi sette oss som mål å gje ut ei lokalhistorisk årbok kvart år. Takka vere ein interessert redaksjonskomité og ein dugande redaktør, Roald Solheim, ser dette no ut til å vere kome inn i faste og fruktbare former.

Sogenemnda gav for nokre tiår sidan ut gardssoga for Sykkylven i fire band. Salet av desse bøkene har gått betre enn venta det siste året. Det har resultert i at vi på det næraste er utselt for banda 1 og 2. Då det vart aktuelt å gjere opptrykk av dei to banda, kom vi til at vi ville ajourføre dei og ta med dei sykkyvingane som er komne til etter at originalmanuset vart skrive. Vi har engasjert tidlegare leiar i sogenemnda, Sverre Andestad, til å stå føre denne oppdateringa. Han vil i året som kjem ta kontakt med alle husstandane i det aktuelle området for å få naudsynnte opplysningar. Det vil bli teke kontakt med det lokale pensjonistlaget når det gjeld gjennomføringa av arbeidet. Det er meininga å ha kontaktpersonar spreidd utover som kan vere ein bindelekk mellom bygdebokforfattaren og informantane.

Oppdateringane vil bli gjevne ut som særtrykk og vedlegg til dei nyopptrykte gardssogene 1 og 2.

I år har Sogenemnda hatt ein person i arbeid på heil tid i om lag fire månader. Kjetil Slettvoll har registrert og systematisert arkivet til sogenemnda som mellom anna inneheld kyrkjebøker, manntal, folketeljingar, matriklar og skifteprotokollar. I tillegg har han skrive av munnlege intervju som vart gjorde i samband med arbeidet med «Industrisoge for Sykkylven». Alle intervju er no lagde inn på data. Det ligg også føre utskrift i permar som vil bli gjort tilgjengelege på Sykkylven Bibliotek. Vi vonar at dette materialet vert startkapitalen i eit lokalhistorisk arkiv som kan vere til nytte for alle som er interesserte i Sykkylven si historie.

Vi vil forsøke å få ein annan person til å halde fram der Slettvoll slutta. Vi vonar å kunne setje i gang innsamling av lokalhistoriske bilete. Det ligg elles ute mange arkiv etter foreiningar, bedrifter og privatpersonar som bør registrerast og oppbevarast på ein trygg plass. Mykje av det er av allmenn interesse

og bør kunne gjerast tilgjengeleg for folk flest.

I haust vil sogenemnda og Jon Hole gje ut ei ny biletbok i serien «Folket og bygda i farne tider». I dette tredje bandet er det utvandringa frå Noreg som står i fokus. Dei fleste utvandrarane hamna i USA, men mange av dei vende til slutt attende til gamlelandet. I bilete og ord vil Jon Hole gje att dette relativt ukjende kapitlet av sykkylvs-historia.

Sogenemnda har elles planlagt å vere med på å gje ut gamle ord og uttrykk frå Sykkylven i bokform. Det var kulturberaren Petter Kursetgjerd som sette i gang dette arbeidet, og Jan Grebstad m.a. har ført det vidare. Vi meiner også at dei stadnamna som er samla inn i Sykkylven bør presenterast i ei bok, der stadene vert markerte på kartblad og der det vert gjeve forklaring på tydinga til dei forskjellige stadnamna.

Sogenemnda har i året som har gått gjeve støtte til Ørsta Mållag og gjort det mogeleg for dei å gje ut ei ny utgåve av Henrik Straumsheim si diktsamling «Ro stilt langsmed landet.»

Vi har i lag med VRF gjeve ut kassett etter moro-kvelden på Velledalen grendahus i vinter, og vi skal vere med å støtte Sykkylven kommune ved kulturkontoret slik at dei kan ta vare på flyfoto som vart tekne av Sykkylven like etter siste verdenskrigen.


For nokre tiar sidan skreiv Ola Tandstad eit utkast til allmennsoge for Sykkylven i nyare tid. Dette var tenkt som ei oppfølging av «Sykkylven i eldre tid». Boka vart ikkje ført heilt fram til trykking. Sogenemnda vil vurdere sjansane for å få ei ny allmennsoge for Sykkylven.

Hovudlageret til Sykkylven Sogenemnd er på Trygdebustadene. Her ligg alle dei bøkene som nemnda har vore med å gje ut. Vi har gjort avtale med Sykkylven Bibliotek om at dei skal halde eit såkalla mellomlager, slik at utsalsstadene heile tida skal ha inne bøkene. Vi vonar som nemnt å flytte meir av lageret vårt til biblioteket, dit bok- og sogeinteresserte sykkylvingar ofte søker. Sogenemnda vil bli synleg og vi vil gjere eignelutane våre synlege for å stimulere den rike historieinteressa i bygda.

Sykkylven Sogenemnd har desse medlemene: Bergljot Tandstad, Kjellaug Klokk, Ragnhild Grebstad Hole, Greta Remø Klokk, Kjell Løseth (leiar), Erling Opdahl jr., Ole Jostein Fet og Eldar Høidal.

Eit gammalt foto får tankane på gli for ein Auregut. Astor Furseth, fødd i 1940, arbeider som tannlege i Valldal. Han har skrive noveller, romanar og dokumentarbøker. Han har også skrive fire Knut Gribb-historier under løyndamamnet Trond Vest.

Astor Furseth.



Med Aure som leikeplass

Av Astor Furseth

Dette fotoet av Aure sentrum viser storparten av verda for ein gutunge som voks opp her i etterkrigstida. Mykje er endra i løpet av åra, men dette biletet fører meg rett attende til eit kjent og tilsynelatande uomskifteleg landskap. I barneåra åtte ein dag overflod av tid, ei veke verka ubegripeleg lang og ein sommarferie uendeleg,

og ingen ting kunne skje fort noknoko s nok, difor stod tida om fort nok, difor stod tida omtrent.

Heilt til høgre i biletet står huset til Andstad-Petter der eg var fødd og budde til eg nærma meg sju, så kjem sjølv Strøket og ikkje minst fjøra mellom Haugneset og kaia. Her fanst alt ein gutunge kunne tenkje seg.



Mykje vatn har runne i havet sidan dette biletet av Aure sentrum vart teke tidleg i 1950-åra. For Astor Furseth og dei som voks opp på Aure dei første etterkrigsåra var kaia ein samlingsplass og strandlina baud stadig på nye oppdagingar. I dag er strandlina gøymt bak mur og asfalt.

Det var stutt veg ned til sjøen og fjøresteinane, og knapt ein dag gjekk utan at vi måtte ned i fjøra. Helst var dette ein endå meir spennande stad før Strandgata kom til og tok vekk mykje av steinvorar og gamle ting som låg der. Lenge var denne vegen uferdig, attgrodd av gras, før han nådde i hop med vegstumpen inne ved Klocksfabrikken og smia til Thoresen som så vidt ikkje kjem med i høgre biletkant. Ein bilveg langs sjøkanten måtte sikkert ha vore litt av eit framsteg, i staden for den bratte, om vintrane umogelege, brauta ned langsmed Andstad-Petter og Solnørdal- fabrikken og smia. Men Strandgata vart vel eigentleg det første store angrepet på strandlina på Aure - og nye angrep skulle seinare føre til ei samanhengande rasing frå Haugeset til Ullavika. (Det er underleg at strandlina som i røynda er den mest ømfintlege del av bygdas ansikt, vert så lite verdsett.)

Thoresen-smia var så og seie næraste naboen vår, og litt av eit eldorado. Eg heldt meg så mykje der nede at eg vart visst rekna for son i huset. Thoresen sjølv tok seg mykje av meg, hjelpte til når eg skulle laga noko, og laga sjølv mange ting til meg. I timesvis sat eg nede i smia og såg på elden som loga over kolstykka i essa og spegla meg i dei tjukke brilleglasane hans. Og korleis han smidde og hamra, i mangfoldige år laga han vinsjar som eg fekk vite heitte Universalvinsjen. Elles var han reine oppfinnaren, løyste alle tekniske problem og konstruerte ei mengd maskinar til møbelfabrikkane. Då eg var 10-12 år, hugsar eg, følgde eg mykje med medan han sette opp ny ferjeplatt på sørsida av kaia.

Men den tette busetnaden utover langs riksvegen til Strøket hadde også mykje forvitneleg med seg. Krinkelkrokar og uthus bak Sparebanken, og særleg snikkar-verkstadene til Jakop Hole. Dit hamna vi ofte. Han dreiv alltid på med noko, møblar, trapper, mest mindre ting på denne tida då han var blitt nokså gammal, inne i ein sterk ange av furuved og bjørk og frå lim-potta som eg alltid kan hugse stod på omnen og putra. Snikkar Hole likte ungar, tok oss titt og ofte inn til seg, hadde både tid og godlag i rikt mon.

Leikeområdet vida seg ut med alderen, også lenger ute, kring den særprega Klocksbutikken som vi måtte ta trappeteg ned for å kome inn i, husa hans Brudevoll, ungdomshuset Valhall og ved BP fanst mange smutthol og leikestader. Selmer Aure dreiv alltid og bygde ut, sameleis noko seinare framme på Billaget, men elles syntest husa og miljøet nokså uforanderlege. Den viktigaste og mest spennande av alle stader på Aure var likevel kaia - og der var det alltid noko som ikkje var likt seg frå eine dag til andre.

Kai-området var som ein magnet for alle ungane på Aure. Lenge var det strengt forbode berre å nærme seg Aurekaia, ein kunne dette uti eller kome under bilane, men så voks ein til, vart 6-7 år og alle slike for-

bod spakna. Og kaia vart tumleplass nummer ein.

Først og fremst skjedde det alltid noko her. Ferja kom og gjekk med folk og bilar og bussar, lastebåtar la til, lossa og lasta varer. Dei grøne bussane kom innanfrå fjorden og folk frå byferd sette seg inn i bussane attende mot Stranda. Trafikken auka på for kvart år. Den svart-kvite ferja streka fjorden i evig skyttelfart. Mannskapet vart vi kjend med, men sjeldan kapteinen, som berre no og då viste seg med dei gule stripene sine. Alltid var dette ein eldre kar, sjeldan nokon vi kjende frå bygda, og på ein måte såg vi gutungane på ferjeskipperen med tvitydige auge. Vi drømde aldri om å bli ferjeskipper. Det var for smått. Nærmast som ei slags straff for ein slik gjæv mann som ein kaptein, tykte vi, å fare evindeleg att og fram mellom Aure og Magerholm, i staden for å dra ut på vide hav til fjerne kystar. Jamt følte vi ei slags medkjensle med denne noko framande kapteinen, som vi mistenkte for nettopp å ønske seg ut i verda.

Lenger oppe på kaiområdet styrte Pihl-Andreas ved det gamle knott-lageret med bilane sine. Alltid hadde han eit par råkande ord på lager. Det var ikkje fritt for at vi ungane både beundra og halvt ottast Pihl-Andreas. Av og til kunne han ta seg tid til oss, prate og vise oss bilane, la oss følgje med ein liten tur, men som oftest var vi i vegen og han i full fres med noko. Han arbeidde raskare enn dei fleste, styrte vekk, var litt av ein grusar - og drøymar. For alltid minnest eg korleis han streva med dette enorme prosjektet oppe i Pihl-tomta. Eit veldig hotell skulle det bli. I mange etasjar, med bad og symjebasseng og eg veit ikkje kva. Kor mange av oss er det ikkje som tenkjer for smått! Men Pihl-Andreas høyrde iallfall ikkje med til dei småskorne og lågtfytgande. Han grov ut og mura og la fundament med slike dimensjonar som ingen andre hadde sett i Sykkylven før. Men som alle veit, Pihl-Andreas hadde dei største planane, men kom seg bokstaveleg talt aldri over jorda med dei. Grunnmurane til kjellar-romma vart i årevis ståande slik, men berre det i seg sjølv var eit imponerende minnesmerke over han.

Og så kom framveksten av kaiområdet sørover. Der Alf Aure tok til å fylle opp fjøra, støypte murar og bygde bensinstasjon for Shell, noko som seinare vart til kioskdirft og stadig meir i den retning. Kaia og utsal av godteri og blad, ein kombinasjon som førte til ein fast samlingstad for dei unge om kveldane. Før hadde kaia med mjølkebåten, seinare somme ferje-landingar, vore ein naturleg møtestad for alt bygdefolket, men på denne tida kom denne skikken vekk, og berre ungdommane heldt fram.

Sjølve kaia var uhorveleg lang for oss ungane, strekte seg heilt ut på djupet, følte vi. Her kunne vi fiske, ligge mageflate og sjå på mort og sei og kanskje ein stortorsk som av og til segla inn i den grøne vatnet under kaistolpane. Og her kunne vi stupe! Ferjeleiet

var også glimrande stuftårn, vi kunne klatre høgare og høgare. og våge meir og meir, til slutt heilt oppe på toppen av heisestolpane på flo sjø.

Det var noko underleg med åra etter krigen. Noko som ikkje berre var innbiling. Eg har høyrte frå meteorologisk hald at veret verkeleg var betre den gongen. Somrane kjendest lengre og varmare, og var det også. For eg kan ikkje hugse anna enn solrike sommardagar der bading var ein sjølvstøtt del av dagen. Vi bada. symde under vatn, stupte og leikte med småbåtar, anten rundt kaia, eller inne på Haugneset, og nordanfor kaia på den kvite «palmestrand» som strekte seg ut til den lange Størvoren, gjerne også på Øyrane ved elveosen til Aureelva. Badeplassar var det nok av.

Det måtte avgjort ha vore betre somrar den gongen, for eg hugsar iallfall eit par år, då Martin, bror min, og eg bestemte oss for å bade i sjøen kvar bidige dag frå mai til så langt ut på hausten som råd. Så vidt eg minnst gjorde vi det også, heldt fram til oktober. Mest usløkkjelege minne frå barneåra er likevel møta med menneska i bygdemiljøet. P.K. Thorsen i smia. Jens og Alfred på kaia, Klokkar-Petter, Pihl-Andreas. ferjefolka, gamle Brudevoll, Pihl-Emma, fiskehandlar Ness. Ute ved kyrkja, med endå meir fjøreområde, var bestefar Lyshol-Martin i skomakarv erkstaden og bestemor Marie oppi Lysholhuset som vart ein naturleg stans på heimveg frå skulen. Og der var mange fleire. Alle spela ei rolle i eit gutesinn. Men kunne nokon måle seg med den mest underlege av alle: Klokkar-Petter?

Når eg ser på dette fotoet av Strøket, er det han som lettast kjem for meg, der han akkurat rundar Handelslagshjørnet og kjem stavrande ned mot kaia. Klokkar-Petter var på veg! Det spurdest fort.

Han kom frå Grebstad, av og til såg vi han passere kyrkja på veg innover, men oftast var han alt komen inn i Strøket, før vi gutungane var merksame på han. Då gløymde vi alt anna. Samla oss kring han, først på sikker avstand. Glante mot den haltande, høge, magre skapnaden. Med svart skjegg og vid hatt, likna han mest på ein profet som kom rett ut frå øydemarka. Det skarpe, kvasse og mørkleitte oppsynet med mykje kvite i auga var skremmande og. Ofte stavra han seg dyster og teiande forbi. Inn mot sentrum. Så ned mot kaia! Og det underlege skodespelet tok til. Ville han gjere det denne dagen: Klokkar-Petter ville flyte!

Som gutunge fekk eg aldri tak i om han hadde andre ærend nede i bygda, men han gjorde sikkert ein del innkjøp og slikt. Vi berre følgde han med auga og ropte, først på fråstand, snart nærare, så tett på at han måtte veive oss unna med staven. For han hadde ein solid knortekjepp som han støtta seg på i sin haltande gange. Vi masa, ville ha han til å flyte!

Mang ein gong enda det nede på kaia. Og då skjønna

vi at sjansane var store. Han ville leggje seg på flot!

Då eg vart eldre, fekk eg vite meir om lagnaden hans. Klokkar-Petter var frå Klokkargarden på Grebstad. Foreldra var Petter Karlsen Grebstad og Anna Hundeide. Han var den eldste guten i ein barneflokk på fem, fødd i 1892, døypt PetterThomas og vandra ut til Kanada alt i 1910, berre 18 år gammal. Han tok seg ymse arbeid der borte, men i 1916 melde han seg som frivillig til den kanadiske armeen og vart send til slagmarkene i Frankrike. I kampene vart han såra og gassforgifta, låg lenge på sjukehus både i Frankrike og i England, og fekk varige mein både på kropp og sinn.

Han prøvde å slå seg igjennom i Britisk Columbia, men fekk seg berre arbeid som gav kost og losji, og måtte tigge i gatene for å skaffe seg kontantar. Han dreiv lenge og søkte etter krigsinvalide-pensjon frå Canada, men då han ikkje fekk dette, reiste han attende til Sykkylven,

I mellomtida hadde dei to yngre brørne hans teke over over Klokkargarden, men den eine døde i 1946, (frå 1955 sat den andre med heile garden aleine). Så vidt eg minnest budde odelsguten Klokkar-Petter etter heimkoma i ei lita hytte i skogbrynet ovanfor Grebstadgarden. I sitt noko formørka sinn kjende han seg helst djupt fortvila og urettvist behandla både ute og heime.

Det var eit storhende for ungane på Aure kvar gong Klokkar-Petter fann på å ta seg ein tur ned i Strøket. Eg minnest kor vi gnålte og ropte på han, for å få han



Petter Grebstad. Portrettfotografert av P:P' Lyshot.

til å gå i sjøen, og mang ein gong gjorde han det. Men det var neppe av våre ønske og tilrop. Han tok av seg hatten og ville ha betaling for oppvisninga. Det vart samla inn så mykje pengar som han meinte skulle til, før han viste kunststykket sitt. Det var alltid nokre vaksne og ungdommar som hadde pengar til han.

Klokkar-Petter fortalte alle som stod i nærleiken om plagene sine og om den store krigen. Han var skammeleg lurt av styresmaktene i Kanada. Hadde vore med i dei store slaga i den første verdskrigen og blitt så gassa at han faktisk flaut som ei kork på vatnet. Dette hevda og trudde han fullt og fast på. At han flaut, var eit klart prov på at han snakka sant.

Og så kom den store stunda. Han gjorde seg budd på å flyte!

Olle skjedde det nede på Aurekaia, ved ei steintrapp som den gong gjekk ned på sørsida av kaia, rett nedafor Selmer-fjøra og kiosken. Han tok til å stolpre seg ned trappetrinna, langsamt og tydeleg klar over at han for ei stund var det store midtpunktet. Vi samla oss på kaikanten og stirte forventningsfulle ned.



Petter Grebstad Klokkar-Petter utkledd som cowboy og fotografert av P.P. Lyshol.

Han gjekk først ned til avsatsen der, som jamt stod under vatn, om det ikkje nett var låg fjøre. Der stod han eit bel med sjøvatn til knes, så la han seg sakte og omstendeleg bakover på ryggen, sjølv sagt i fulle klede og alt. Einast hatten mangla, han lag oppe på kaikanten med pengar i. Så skaut han seg frå trappa og padla seg noko utover. Eit stykke utpå vart han så liggande urørleg på ryggen, med hovudet så vidt stikkane opp om sjøflata. Ved sida av seg la han staven som låg og flaut innan rekkevidde. Slik låg han ei god stund, dei store auga i det magre, skjeggete ansiktet stirte rett til himmels. Han liksom ikkje vørde oss meir. Det var som om han sag noko høgt er oppe. Mørk i oppsyne!. Stille og fjern. Og flaut gjorde han vitterleg, utan eit einaste symjetak. Han låg urørleg og sokk ikkje!

Anten det var surver eller godver, gav han seg god tid i sjøen. For oss gutane verka det kvar gong som eit mirakel. Noko nifst var det også med denne skapnaden som låg der langflat og flaut, medan alle stod oppe

på kaikanten og bisna. Så meinte han at det fekk vere nok, trivla etter staven som dreiv i sjøflata, plaska seg inn mot steintrappa igjen, verdig og utan hastverk. Han gjekk stivt og langsamt opp trappa medan det kalde sjøvatnet silte av, kom upåverka opp på kaia, tok hatten og pengane, for deretter straks å leggje vegen heim til Grebstad. Gjennomvåt var han sjølv sagt, og tregt gjekk det, og det ville vel minst gå timen før han kom seg innom-hus der oppe. Ein kan undre seg på om han åtte såpass at han kunne skifte til tørre klede når han kom heim. I allefall såg vi han tilsynelatande i dei same kleda kvar gong, år etter år. Du Klokkar-Petter! Du Klokkar-Petter! Denne tilbakekomsten til heimbygda stod nok i den grellaste kontrast til dei draumane du hadde hatt ved utreisa som attenåring.

Den 22.januar 1978 var det ein stor dag for grendene på Sørestranda. Då vart Ikornnes kyrkje vigsla. Endeleg hadde vi fått vårt eige gudshus, skriv Oddveig Stave Moe i denne artikkelen om arbeidskyrkja på Ikornnes, som Jens Ekornes gav ei raus gåve til i 1973.

Arbeidskyrkja på Ikornnes

Av ODDVEIG STAVE MOE

Kristenfolket hadde lenge snakka om og arbeidd for eit eige samlingshus. Saknet av ein fast stad til å arrangere møte, festar, misjonsveker og barne- og ungdomssamlingar var stor.

«Svanesalen» ved Ekornes fabrikk og gymnastikk-salen på nyeskulen vart nytta, men desse var ikkje alltid heilt ut tilfredsstillande ordningar.

Den 1.januar 1973 la Petrine og Jens Ekornes fram planane sine om ei arbeidskyrkje. Samstundes gav dei ein million kroner til prosjektet. Dette gav støtet til å setje i gang. Saka vart teken opp i soknerådet og drøfta med kommunale, statlege og kyrkjelege instansar. Det vart nedsett plannemnd, byggjenemnd og arbeidsutval. Grunnarbeidet tok til i august 1975 og råbygget stod ferdig hausten etter. Mange var det som gjorde ein stor innsats på kyrkja. I alt ca. 800 dugnadstimar vart utført.

Interessa og givargleda var stor. Utanom startkapitalen frå Petrine og Jens Ekornes, vart det gitt gratis tomt av Leif Ekornes. Det meste av inventaret og utstyret er også gåver. Eg kan nemne kyrkjeor-

gelet, to piano, kyrkjeklokkene, altarbordet, preikestolen, døypefonten, sølvøyet, høgtalaranlegget, gardiner, teppebelegg, stolar, bord, kjøkkeninnreiing og mykje meir. Gåvene vart rekna til ca. 700.000 kr.

Ikornnes kyrkje og Sykkylven kyrkje er begge under same sokneråd. Vi har ein sokneprest og ein kapellan som deler på tenestene ved dei to kyrkjene. Drift og vedlikehald star under det kommunale kyrkjebudsjettet.

Fast tilsette ved Ikornnes kyrkje er klokkar, organist og kyrkjetenar på deltid. Her er eit kyrkjelydsutval som er utnemnd av soknerådet. Dei har ansvaret for bruken og utleiga av kyrkja. Dei gjer framlegg om innkjøp av utstyr, og dei disponerer innsamla midlar til kyrkja.

Utvalet arrangerer kvart år kyrkjedagar med diverse tilstellingar. Denne tilskipinga er lagd til ei helg om våren. Det er då gjerne sangkveld om fredagen, og basar



Ikornnes kyrkje har ein særprega profil og har blitt ein viktig samlingsplass for folket på Sørestranda. (Foto: Oddveig Stave Moe)



Ikorntnes kyrkje har mellom anna blitt brukt til musikkskulefestar. Dette biletet er frå 1989. Musikkskulerektor Åge Lade omkransa av 7 unge solistar: F.v.: Linda Kolstø, Hilde Louise Asbjørnsen, Lene Charlotte Tynes, Sina Merete Holmen, Einar Enstad, Cathrine Welle og Synnøve Hjorthol. (Foto: Nils Einar Rye)

og gudsteneste med kyrkjekaffi om søndagen. Lo kale og utanbygds talarar og sang- og musikkrefter vert nytta. Folk frå heile bygda er med på desse dagane. Dei innsamla midlane vert brukte til arbeidet i kyrkja, og fornying og oppussing etter behov.

Kyrkja er ei moderne og tenleg arbeidskyrkje som er mykje nytta. Kyrkjerommet i hovudhøgda har plass til om lag 400 menneske. Her vert det halde gudstenester annakvar søndag, og på helgedagar i jula, påska, pinsa, og den 17.mai. Her er brurevigsle og andre kyrkjelege handlingar. Det vert i tillegg arrangert ulike møte og festar i jula, på grunnlovsdagen, og ved andre høve.

Salen har god akustikk, og eignar seg fint for sang og musikk. Mange konsertar vert haldne her, både av kor, korps og solistar.

Underhøgda i kyrkja er mest brukt. Her er det gang, toalett, bod, lagerrom, kjøkken, bakgang - og eit stort, fint møterom. Her er det faste samlingar for søndagsskule, barneforeiningar og barnekor. I mange år var her drive ungdomsklubb og juniorklubb. Då samla

dei unge seg til spel, leik, andakt og prat, pølser og brus. Ein dag for veka, frå kl. 10 til klokka 14, er her ope hus for barn og foreldre. Dette høver godt for folk som har arbeidet sitt heime. I kyrkja kan pensjonistane treffast til ein prat over ettermiddagskaffien. Dette er mykje trivelegare enn å sitje heime i einsemd.

Kyrkjekjellarsalen vert også mykje brukt til små-møte, møteveker, misjonsforeiningar, årsmøte og komitemøte.

Årleg er her julemesse, basar, sjømannskveldar, 17, mai arrangement, julefestar og anna. Denne salen er eit triveleg lokale med eit godt utstyrt kjøkken til. Rommet eignar seg godt til selskapslokale. Det vert ofte nytta til festar i samband med dåp, konfirmasjon eller bryllaup. Ja, mange minnedagar og jubileum har det vore feira her.

Kyrkja på Ikorntnes femner såleis vidt. Her er ope for alle, og eg vil seie at «terskelen er lav». Ikorntneskyrkja er ein samlingsstad for små og store. Ingen treng å føle seg utanfor. Alle er hjarteleg velkomne!

Kva fekk menn som David Livingstone og Albert Schweitzer til å reise frå den kvite kulturen og djupt inn i den afrikanske ur-skogen for å arbeide mellom naive naturfolk? Kva fekk Mor Theresa til å utføre uløna omsorg mellom etterkommarane av narkomane og prostituerte i storbyslummen? Kva er det som får ein ung, gåverik bygut til å slå seg ned i ei anonym etterkrigs utkantbygd til ein meir enn mannsalderlang allmennpraksis, som ei ånd i ein fillehaug, mellom fant og fagnafolk der?



Roald Solheim.

Dokter Bendixen, I presume?

Av Roald SOLHEIM

- Fjella og fjorden! Biletkunstnaren vart bergteken!

I beste fall er dette berre ein flik av forklaringa. Vikværingen kunne vitterleg vore vidkjend vitskapsmann ved til dømes eit større universitet. Føresetnader som teft, kjensler, kreativitet, klisterminne, ordensans, høg arbeidsmoral og presis formuleringsevne, var så desidert til stades. Men den gang ei. Mysteriet og mennesket Morris Bendixen vart verande i bukkebygda, og har ikkje ei veke i gongen angra på det. Vi seier det ikkje høgt, men var det ikkje H.C. Andersen som meinte noko om at det er heilt i orden å halde til i ein andedam, berre ein veit at ein har lege i eit svaneegg? Nok om det Gamledokteren fyller to gangar førte dette året. Vi ringde og bad om ein samtale.

-En ting må vere helt klart, Solheim, ingen fokusering på min person. Hvilken interesse skulle folk ha av det?

I løpet av tenestetida si var Morris Bendixen mange gonger på vitjing i kvar einaste krå i heile kommunen. Med si makelause menneskeinteresse og eit minne langt utover det vanlege, er det neppe nokon som kjenner levkåra i Sykkylven etter krigen betre enn han. Og då emnet vart avgrensa til å gjelde tilhøva i den kjære heimbygda vår dei to-tre fyrste decennia etter andre verdskrigen, vart vi enno meir hjarteleg velkomne til den hyggelege heimen hans på Vik.

Fokusering og fokusering. Av omsyn til yngre lesarar lyt det vere oss tilgjeve at vi likevel kjem med ein rask presentasjon av kjeldepersonen. Han var, og er, framleis både drøfta og dyrka i heimbygda si. Mest det siste:

Ein eldre sørestranding hadde vore så sjuk om natta at han måtte ringe etter hjelp. «Ej va i tvil om ej skulle ringe etter døktaren elle presten. Men so ringde ej te nå Bendixen. Han kom med det same, å då vart det som enj kombinasjon».

Ei tilårskommen kvinne frå Ramstaddal skil skarpt mellom lege og dokter: «No he øss fem legar, å dæ e kjekke hyna alje i hop. Før so va dæ berre anj Bendixen. Men anj va no dokter, veit du».

Morris Bendixen var fødd i Ålesund ti år etter byen brann, hundre år etter landet fekk eiga grunnlov, og same året som fyrste verdskrigen braut ut. Etter artium tok han til å studere medisin. Han var særleg interessert i gynekologi og psykiatri, og kunne vel ha tenkt seg spesialutdanning på eitt av desse felta. Den unge akademikaren var mest ferdig med medisinsk embetseksamen. Så kom andre verdskrigen til Noreg. Morris kom aktivt med i motstandsørsla. Etter ei tid var spelet over. Med Gestapo i hælane måtte han røme til Sverige. Her fullførte han medisinstudiane. I 1944 gifte han seg med Karen Kolvik; ålesunds jente, barsel- og barnepleiar, og eit år yngre enn Morris. Etter krigen var den vesle lækjarfamilien ei kort tid i Bremanger. Ikkje uventa rakk dei å bli glade i mange menneske der og.

Dr. Giske var distriktslege i Ørsta under krigen. Han slutta i 1946. Morris Bendixen hadde tenkt å overta etter han. Dokteren i Sykkylven heine Jakob Moe. Han var frå Ørsta, og ynskte seg attende dit. Så det vart til at Moe flytte til Ørsta og Bendixen til Sykkylven. Men det var ikkje fyrste gong Morris Bendixen var i bygda. Ei heller humoristisk bandomssoge frå tidleg på 1920-talet fortel om dette, og vitnar samstundes om eit gryande sosialt engasjement:

-I Ålesund var det status å bo i Sykkylven om sommeren.

Jeg hørte til en familie som stadig vendte tilbake hit. Stedet var så vakkert. Pøsegna gjorde det den gangen som nå. Men her er like skjønt i Sykkylven for det Magni, en barndomsvenn, og jeg, bestemte oss for å gjøre en innsats for de gamle som bodde på eldrekollektivet Møllenpris på Vik. Magni skulle lese «I Takkegate og i Knurregate», og jeg skulle synge ein pen sang og spille gitar. Så dro vi. Der bodde det flere gamle på hvert rom. Vi banket på en dør og fikk komme inn. Tre eldre kvinner satt og kardet ull og spant. En mann satt borte i ei seng og ropte på gammelt halvemål på kona si; Helene.

-Eilina!, ropte han. Eilina!

- Å, tej dej no, Petter! Her e folk frå bya som ska spele å syngje før øss.

-Eilina! Eilina!

Mannen holdt fram på same lekse.

-Ja, men tej dej no, Petter.

Men Petter, stakkar, bare forsatte i sin ustanselige kalling på kona. Til slutt vart hun mer utolmodig:

- Ja, men Gud vel signe dei! Tej kjeften dinj, Petter! Her er enj hyn å ei taus frå bya, so ska spele å syngje åt øss!

Då Karen og Morris Bendixen kom til Sykkylven i 1946, var det til svært primitive tilhøve. Der mangla praktisk talt alt av møblar og medisinsk utstyr. Bendixen hugsar godt den fyrste pasienten. Det var ei kvinne som hadde sterk mageverk. Bendixen måtte plassere henne på ein pinnestol. Det synt seg at ho hadde akutt blindtarmbetennelse, og måtte fraktast i hui og hast til Langevåg Sykehus for operasjon.

Dokterfolket kjøpte tomt på Vik og bygde hus i 1954. Eigedomen kalla dei «Utsyn». Med paret sin sans for symbolikk, var nok namnet minst like mykje ei positiv programerklæring som eit staseleg stadnamn. Det

er viktig med visjonar,

I Sykkylven arbeidde Karen og Morris under vekslende vilkår fram til dei gjekk av som pensjonistar på 1980-talet. Ekteparet fekk tre barn, Ellen Beate, Mildrid og Morris. Borna er vaksne no, har stifta eigne huslydar og er flytte frå bygda. Karen er diverre avliden. Men både borna og borneborna held god kontakt med han far sjølv i stova heime på Vik.

Vi kjem i embets medfør til doktergarden ved middagstid ein sørpesur marsdag, men vert varmt mottekne av den vennlege eldre heidersmannen.



(Foto: Kjetil Tandstad)

Solide smørbrød og varm kaffi ventar i stova. Men fyrst får vi vere med på ei vandring i huset, som Bendixen personleg reingjer og ryddar på ein så smakfull og stilig måte at yngre folk berre må bøye seg i beundring. Forståeleg nok finn vi lækjarverktøy frå gam mal tid:

-Du vet selvfølgelig hva en sneppert er, Solheim ?

Vi står i det tidlegare venterommet i dokterbustaden og nyt med augo ei samling gamle, medisinsrelaterte instrument, sirleg systematiserte og påpasseleg plasserte i eit stort glasskap. Den gamle legen ser skjemtsamt på intervjuaren med skarpe auge gjennom klåre brilleglas. - Men

årelating har du hørt om? Det var en medisinsk behandlingsform som gikk ut på å avlaste blodomløpet ved at mann tømte 200-500 milliliter blod ut av en samleåre i albuebøyningen. I gamle dager ble inngrepet brukt meget ofte, for de forskjellige sykdommer, og ved at man med en slik sneppert hugde et lite hull i blodåren. Glasskoppen til venstre der hadde også en viktig funksjon. I den hadde man litt papir som man tente på. Flammen fjernet oksygenet i koppen, og det oppstod et undertrykk. Koppen fikk sugsevne, og dette ble utnyttet ved at man satte koppen raskt over den åpne blodåren.

Men det er langt frå berre gamle sugekoppar den tidlegare distriktslækjaren har samla. Langs veggane finn augene lange rekker av litteratur om ulike emne: botanikk, filosofi, historie, religion, biografar, reiseskildringar, musikk og fram for alt skjønnlitteratur. Dei aller fleste bøkene ber merke av å ha vore lesne meir enn ein gong. For tida nyt bokvenen tysk litteratur frå midten av førre hundreåret. Der er så mykje vakkert seier han, og blir ein augneblink blank i blikket Men han tek seg inn att med det same:

- Her hadde vi altså venterommet vårt i gamle dager. Toalettet er inn til høyre. En litt spesiell kvinnelig pasient mente det var sparsomt lydisolert og kommenterte dette: Dæ æ bra med injnede, men ska enj bruke det, bor der helst vere eit blandakor i aksjon utpå venteromma!

Bendixen humrar godsleg og inviterer oss inn i stova. Korleis var det å vere lege i Sykkylven frå slutten av førtitalet og utover? Korleis hadde bygdafolket det på denne tida? Det er berre å la Bendixen fortelje:

I 1950 var her om lag 4000 menneske i Sykkylven. I dag er talet over 7000. No er her fem legar. Her er påliteleg telekommunikasjon, aldersheim, sjukeheim, sjukepleiarar og eit betydeleg kontorapparat. I vanskelege situasjonar kan pasientar sendast til sentralsjukehus på kort varsel, anten med moderne sjukebil, eller med helikopter. Her er alltid disponibel ambulanse. Ferjer ligg støtt klare for transport.

Frå 1837 til 1884 var Sykkylven ein del av Ørskog herad. Ramstaddal og Søvikdal høyrde til Ørskog heilt fram til 1955. Kyrkjeleg sokna Sykkylven til Ørskog fram til 1967, medisinsk til 1949. Då vart lækjaren i Sykkylven helserådsordførar og såleis leiार for det lokale helsestellet i heimbygda. Men framleis var det nært samarbeid med Ørskog. Det varte heilt fram til 1962.

Tilhøva for lækjartenesta på femtitalet var ofte svært uroleg. Dr.Rohde i Ørskog hadde hatt ein kontordag for veka i Sykkylven. Dette opphøyrde då Bendixen var på plass her i bygda. I 1950 slutta dr. Rohde som distriktslækjar på Sjøholt. Stillinga som lækjar i Ørskog vart ståande ledig i halvtanna år. Så kom dr.Bjelde til Ørskog og Sykkylven. I 1955 slutta også han, og Ørskog lækjardistrikt vart på nytt ståande utan andre enn dr. Bendixen. I desse periodane vart han konstituert i heile området. Kvar torsdag hadde han kontordag i Ørskog, først på Skodje gamleheim, der det var ordna med bra lokale i ei kjellarstove. Kontortida tok til om lag kl.9 og varte til om lag kl. 13. Så var det kontortid i lækjarbustaden på Sjøholt til seine kvelden. Det var så vidt dokteren og kona hans rakk å nå ferja frå Magerholm til Sykkylven. Tilhøva på Sjøholt vart ikkje ordna frå kommunen si side. Dei var svært uryddige. I tillegg til det som er nemnt her, laut dokteren i Sykkylven også stå til disposisjon for folket i Stranda i lange bolkar på grunn av særlege tilhøve der. I ein

svært vanskeleg periode var dr.Bendixen einaste lækjaren mellom Stryn, Vestnes og Ålesund!

Etter mykje mas fekk dr. Bendixen tilsett turnuskandidat i Sykkylven. Han fekk også overtala fylkeslækjaren til å syte for turnuskandidat for Stranda lækjardistrikt. Bendixen måtte ha tilsynet med kandidaten der og, med rådgjeving kvar veke.

Arbeidet som lækjar i Sykkylven i den første tida etter krigen var ikkje berre ein kamp mot sjukdommar, men mest like mykje ein strid mot gamle fordommar og tilvende truer. Det var på mange måtar eit svært enkelt og konservativt samfunn som måtte omformast til ei ny tid. Helsestellet måtte ta kampen opp mot underlege førestellingar. Til dømes var det ei myte at kumøkk var verksam mot nervesmerter. Ei anna folketru gjekk ut på at gammalost kunne lækje nyrestein. Det hende at stygg, sterk stank møtte dokteren i døra når han kom på sjukebesøk. Kona i huset hadde då smurt ryggen til pasienten inn med gammalost. Ei anna spesiell hendig hugsar Bendixen også svært godt:

-Karina hadde fått «noreisla» (helvetesild), og hadde det fryktelig vondt. Mannen hennes hadde hørt at kattablod skulle hjelpe. Det var litt vanskelig å få tak i blod, og enda verre å få Karina til å drikke det. Men mannen brukte samme råd som de gamle giftmorderne; han blanda kattablodet i suppa, og ned gikk det. Katta laut bøte med livet, og det gjorde nesten dama også!

Dei mest smittsame folkesjukdommane før krigen hadde vore vanlege plager som kikhoste og «kregda» (meslingar).

I etterkrigstida fekk vi etter kvart gode medisinar mot slike plager. Det som då peika seg ut som satsingsområde, vart kampen mot TUBERKULOSEN. Denne sjukdommen hadde lenge vore reine pesten for, mellom andre, folket i Sykkylven. Ja, det var så gale. minnest Bendixen, at ein av dei gamle lækjarane i Ørskog, dr. Holst («anj Ølst») skal ha sagt ved eit høve, at eit par av grendene i Sykkylven var så fulle av tæring at dei burde ha vore nedbrende for å bli kvitt smitten der. Ei spissformulering, sjølvsaagt. Men utsegna fortel noko om dimensjonane på problemet.

Spesielle tiltak mot tuberkulosen vart ikkje sett i verk korkje før krigen eller under krigen. Dei hygieniske tilhøva var nokså ofte under all kritikk. Det vart hosta og skrya overalt der folk var; i krambuder, i kyrkja og i andre samlingslokale. Kontrollen med dei sjuke og smittefårlege var dårleg. Det var opp til kvar einskild å verje seg mot smitten.

Dr. Bendixen hadde komme i kontakt med distrikts-lækjar Gedde-Dahl gjennom arbeidet i ei anna distrikt. Bendixen hadde vorte teken av sistnemnde sitt arbeidsopplegg, tuberkulin-matikkelen, som det vart kalla. Gjennom propaganda og opplysningsarbeid fekk dr. Bendixen Sykkylven Helselag med på å innføre sys-

ternet her og. Helselaget forstod problemet. Dei sette heile sin styrke inn, og gjekk på med friskt mot. Arbeidet resulterte i at tuberkulinmatrikkelen vart innført i bygda. Dette hadde ein svært stor positiv verknad, av langt større verdi enn folk flest er klar over. Helselaget gjorde ein fin jobb, og gamle attergangarar i tuberkuloseprotokollen kunne slettast derifrå. Det vart funne svært mange smittsame tuberkulose på denne måten. Desse kunne få hjelp samstundes som dei vart mellombels isolerte frå yngre risikogrupper. Det finst ikkje så mange lækjarar i dag som kjenner den vonde tida med tæring og naud. Dr. Bendixen ser med ein viss otte på det tilhøvet at nye utbrot av tuberkulose kan bli oversett, slik at sjukdommen kan få tid til å breie seg på nytt og gjere stor skade. Bendixen finn det nesten komisk å minnest korleis ein fekk inntektene til Helselaget til å gå i hop. Dei hadde sett i gang kontroll av skuleborn og spedborn. Årskontingenten var latterleg låg, så Bendixen laut, på vegne av leiaren i laget. Emma Aure, kvart år skrive søknad til Møre og Romsdal fylke om tilskott frå «Vinmonopolpengane». Bendixen meiner å hugse at det i byrjinga dreia seg om femti øre. Men seinare vaks pengane «med levekosnadsindeksen» til ei krone for kvart skulesøkjande barn.

I 1962 vart Sykkylven eige lækjardistrikt med dr. Bendixen som den fyrste distriktslækjaren.



(Foto: Kjetil Tandstad)

Kommunikasjonar

Den fyrste tida Bendixen var dokter, var det vanskeleg å få skyss i samband med sjukebesøk. I sen-trumskrinsane vart det å ta veska under armen oe

beina på nakken. Bendixen minnest eit oppdrag han fekk frå ei eldre kvinne ein klar januar dag med bitande kulde og mest ein meter djup nysnø. - Jeg tolket telefonen dit at det dreide seg om behov for øyeblikkelig hjelp, og sprang av sted. Etter at jeg hadde baska og nesten svømt i styggdype skavler i lang tid, var jeg endelig framme hos pasienten. Jeg gikk inn og spurte hva som feilte. -Ja, æ dæ slik at du æ dokter. Bendixen, so lyt du hjelpe mej! Disse gamle auene mine er ikkje nøke tess lenger, so no lyt du sete inj nye. Og det lyt du gjere med det same, for no æ ej lei av å gå på dinje måten og vere blinde.

Rett etter krigen var her få bilar, og dei få som var hadde ofte motorproblem. Tidt vart løysinga sjøtransport. Bendixen måtte då prøve å ordne motorbåtskyss. Ottar Hustad på Jarnes hadde motorbåt, og frakta gjerne legen til stader på Sørestranda og i Hundeidvik. Var det sjukebesøk på Furstranda, var det gjerne motorbåt frå Sandvik som vart nytta. I godver, sommars dag, gjekk dette på eit vis. Verre var det i uver nattes tid om vinteren. Då kunne sjøskyss vere uråd. Dokteren måtte prøve å ta seg fram over land. Vegane var brøytte for hest, ikkje for bil, og Morris måtte køyre med hest. Kunne han ordne transporten sjølv, slapp han å opphalde folk frå anna arbeid. Ein snøtung februar dag skulle Morris på sjukebesøk til Svartebekk nær Tusvik. Han fekk låne hest og slede av Petter Jarnes, og køyrde i veg, stolt over å meistre dyret og doningen. Men då ekvipasjen svinga inn på tunet på Svartebekk, var det noko som skremde Blakken. Øyken gjorde eit bråkast til sides, og både kusken og hesten hamna i snøskavlen. Bak gardina i kjøkkenglaset på Svartebekk stod heile huslyden og pasienten og bivåna den merkelege, avskylege snømannen som forkava og lett krakilsk kom krypande ut av snømengdene.

Ein del pasientar måtte sendast vidare til sjukehus. Dei fyrste åra dr. Bendixen var i Sykkylven, var det ikkje ferjesamband med Magerholm. Då ferja omsider kom, vart ho liggande ved Magerholm om natta for å vere klar for ekstraturar på kort varsel. Sjuketransportar i den ferjefrie tida måtte ordnast ved leige av lokale farty, oftast båtar frå Jarnes eller Tusvik. På Blakstad produserte dei is i nokre store dammar. Isen vart saga opp og transportert til Ålesund. I Tusvik hadde dei ei skute som dei frakta denne isen med. Dette fartyet vart også nytta til sjuketransport. Pasienten vart lagt under ullteppe på ei bære på dekk. Var det nedbør eller sjøsprøyt, fekk pasienten ein presenning over seg. Båra vart surra slik at den sjuke ikkje skulle bli skylt over bord. Det hende at det ikkje var råd å skaffe bil frå Magerholm. Då måtte skuta med den sjuke gå heilt til Ålesund.

Etter kvart vart biltransport meir aktuelt. Jakob Vel le hadde drosje. Pasienten vart då fyrst plassert i ei stor korg, som så vart lagt inn i bilen på beste måte. Ein tredje metode, som berre vart nytta i heilt spesielle tilfelle, var bruk av sjøfly. Ein eldre pasient frå Furstranda heldt på å døy under store smertar. Han måtte opererast straks. Morris rekvirerte sjø fly. Det kom, men flygaren fann ingen stad å legge til lands. Til sist fekk piloten manøvrert maskina slik at eine vengen kunne nåast frå ein bergvegg. Pasienten vart delvis boren og delvis balansert over vengen og inn i flyet. Flygaren kara seg omsider ut frå land, og kom seg klar vatnet. Pasienten vart berga.

Ein annan gang var det ei kvinne som hadde fått sjukdommen «helvetesild» på trommehinna. Ho hadde store smerter og måtte behandlast så snart råd var. Det var ingen i Ålesund som kunne utføre dette inngrepet, og pasienten måtte til Bergen. Morris rekvirerte fly frå Sola. Det var storm, og flyet måtte gå ekstra høgt for å komme over uveret. Men i høgda er det kaldt, og flyet var gise og uisolert. Pasienten måtte ta med seg ekstra klede. Dørmekanismen på flyet mangla, men døra var festa med eit snøre til ein spikar på utsida. Dette heldt døra så nokolunde på plass. Flygaren var optimist og sa at dette gjekk heilt sikkert bra. Det gjorde det merkeleg nok også. Men mannen til pasienten, som var med som reisefylgje, sa i ettertid at han aldri i sitt berre liv nokon gong hadde frose slik han gjorde på denne turen.

Undersøking av skuleborn

Dokteren måtte reise frå skule til skule og ha med seg det turvande utstyret. Granskinga av skuleborna gjekk føre seg i klasseromma. Mødrene til elevane sat ved pultane og venta på borna sine. Det var ikkje sjeldan at Bendixen fann defektar hjå elevane. Ofte var det skeive ryggar som førde til plager. Eller det kunne vere utslag på pirquetprøva. Då var det risikabelt å tale høgt i skulestova. Mange øyre var merksame. Det rådde ei haldning av at del var skammeleg å feile noko. Det hende at doktoren fekk seg ei verbal skyllebøtte av foreldra dersom dei kjen de seg uthengde. Det hjalp lite at doktoren hadde prøvd å vere så diskret som mogleg når han bad eleven og mora vente att ei stund etter at dei andre fekk gå.

Psykiatri

Å ha «ein tullung» i familien var rekna for å vere stor skam. Men det er ein gong slik at ein viss pro mille av folket diverre kjem inn under kategorien psykiatriske pasientar. Andre er sterkt evneretarderte. Slik er det over alt, også i Sykkylven, anten vi likar det eller ikkje. Det var ein del slike pasientar som var utsette i privat pleie då Bendixen kom til Sykkylven. Dei fleste hadde det vel nokså bra, men ikkje alle. Ein slik pasient budde åleine på eit gam-

malt stabbur. Han var aldri ute om dagen, men kraup langs golvet for å komme seg ut om natta. At han kraup, kom av at der hang så mykje spindeltev ned frå taket at han ville vikle seg inn i dette om han gjekk oppreist. Det vart eit oppstyr for å prøve å få rette på tilhøva. Men det ordna seg. Pasienten fekk betra tilbod, og lege og vertsfolk vart verande venner også i ettertid.

Ein annan pasient hadde lege til sengs heilt frå han var fødd. Han hadde ustanslege epileptiske anfall, og var neppe i stand til å registrere omverda. Foreldra passa guten sjølve. Dei vaka over han natt og dag. Dette gjorde desse fantastiske menneska utan å klage. Men situasjonen tok på over tid. Til slutt vart dei heilt utslitne. Ragna Rønes engasjerte seg i problemet. Ho gjekk på det offentlege helsevesenet, og kravde at denne heimen måtte ha hjelp. Men ho fekk til svar at det fanst ikkje plassar. Ragna truga då med å slutte som leiar i foreininga si. Guten fekk då institusjonsplass, og foreldra fekk avlast ning. Ragna Rønes og ei gruppe andre kvinner gjekk inn for å hjelpe til med oppbygginga av eit sentralisert tilbod for dei psykisk utviklingshemma. Konkret galdt det etableringa av Hellandheimen på Vestnes. Ikkje minst takka vere slik innsats vart senteret ein realitet. Hellandheimen kom til å få uendeleg mykje å seie for denne type trengande og for familiane deira. Mange pasientar hadde det svært godt der. Etter den nye HVPU-reforma skal drifta ved slike stader trappast ned, og pensjonæranne plasserast ute. Dr. Bendixen meiner dette er å gå alt for langt. Mange pasientar har budd på slike stader i årevis. Somme tiår. Då er det institusjonen som er heimen for dei, og personalet og dei andre pensjonæranne er huslyden deira. HVPU-reforma er mot å flytte pasientar frå heimemiljøet. Men det er nett det som blir konsekvensen ved desentralisering i slike høve. Det vil alltid vere behov for sentrale institusjonar som kan ta seg av kompliserte tilfelle.

Sosialt nettverk

Før fjernsynet kom, og før privatbilen vart allemannseige, var menneska i Sykkylven langt flinkare til å ta vare på kvarandre enn dei er i vår tid. Folk gjekk mest dagleg på besøk til einannan, og dei slo av ein prat rett som det var. Menneska synte særleg stor forståing og omsorg når det galdt sjukdom og dødsfall. I dag, meiner dr. Bendixen, har vi faktisk begynt å få dei samme tilhøva i Sykkylven som vi kjenner frå storbyane. Folk vert isolerte. Frå tid til anna les vi i aviser om einsame eldre menneske som har blitt liggande døde i bustadene sine i vekevis utan at nokon har vore klar over det. Til denne tid har vi sloppe slikt i Sykkylven. Men med den aukande egoismen, og den tiltakande sosiale isolasjonen som er på gang, er det nok berre eit tidsspørs mål før liknande ting kan skje også her. Folk hadde for øvrig eit langt meir naturleg tilhøve til døden den gongen enn no. Dei gret ut sorga si.

Og dei trøysta kvarandre. Men mange gonger var det likevel svært vanskeleg. Bendixen hugsar eit dødsfall. Ein einsleg far var avliden. Kona var død tidlegare. To mindreårige systre var dei einaste attlevande av familien. Dei to borna gret ut i armkroken til Karen og Morris. Men slikt hørde heldigvis til unntaket. Jamt over var alle omslutta av eit tett sosialt nettverk av storfamilie, slekt og grannar. Det er ei utfordring for oss alle å ta vare på kvarandre og vere vakne for dei som treng ekstra støtte. Menneskeleg omtanke og omsorg er framifrå mental førebyggjande medisin, som utvilsamt verkar gunstig inn på allmenntilstanden. Det psykiske og det somatiske heng usvikeleg saman.

Svanerskap og fødsel Då Bendixen kom til Sykkylven, var her ingen systematisk kontroll av gravide. Her var inga fødestove, og heller ikkje organisert spebamkontoll. Dei gravide måtte oppsøke jordmora, eller legen på eige initiativ. Det vart omsider innreia eit bitte lite rom i kjellaren på Kvileheimen på Vik. Dette vesle rommet vart delt i to. Ei fødande kvinne kunne halde til i eine halvdel av rommet, medan ei som nett hadde fødd, kunne halde til i den andre halvdel. Nokre gonger fødde to kvinner samstundes. Det var uhyre vanskeleg å arbeide der. Men ordninga var likevel ei endring til det betre i tida før det vart fast nattevakt på Magerholmferja. Etter den tid kunne den fødande køyrast til Fylkessjukehuset på Åsestranda så snart ho tok til å bli sjuk.

Industrien si barndomstid

På slutten av 1940-talet og byrjinga av 1950-talet var Sykkylvsindustrien i sterk utvikling. Mange flytte hit for å søkje arbeid. Det kom særleg mange frå stader som hadde «nord» i namnet sitt: Nordmøre, Nordfjord, Nord-Noreg. Alle kom for å tene pengar og skape seg ei framtid.

Mange av desse nye industriarbeidarane hadde ei merkeleg livsrytme. Arbeidet starta klokka sju om morgonen. Arbeidaren stod opp ei tid før, slukte nokre brødsiver og eit par koppar kald kaffi som frukost før dei sykla til fabrikk. Der stod dei så utan mat til klokka tolv. Då kunne dei kjøpe seg middag på bedrifta. Nokre bedrifter hadde ordna kokelag med eiga kokke i aksjon. Det var bra. Etter maten var det ein kort, men intens røykepause, og så var det å sparke litt fotball nedpå ei attelege, før arbeidet tok til att. Arbeidsplassane mangla ofte luftutsug. Arbeidarane vart

ståande i trestøv og damp frå lakkeringsvæske heile dagen. Bendixen møtte faktisk arbeidarar som nesten var rusa når dei kom ut frå sprøyterommet. Arbeidsdagen var slutt klokka fem. Arbeidarane for då attende til hybelen. Nonsmat og kveldsmat var, som frukosten, i hovudsak samansett av brødsiver, margarin, sirup og svart kaffi. I helgane gjekk nokre på kino. Somme hadde også for vane å ta seg ein rangel. Så kom dei til legen når magen tok til å protestere. Dei ville ha medikament som lindra smertene. Sår på tolvfingertarmen var vanleg. Bendixen var i utgangspunktet skeptisk til overdriven bruk av medisiner. I staden rådde han gjerne pasienten til å reise attende til heimbygda og bruket han kom frå. «Kutt ut diett og medisin, og arbeid slik foreldrene dine har gjort før deg. Sa kan du skrive til meg etter ei tid.» Dette var resepten mange fekk med seg. Eit naturleg liv på ein gard var ofte den beste terapien. Fleire gjorde som dokteren sa. Og dr. Bendixen fekk mange attendemeldingar der den tidlegare pasienten uttrykte takk, og understreka at rådet var det beste og rettaste han nokon gong hadde fått. Når valet står mellom pengar eller helse, skulle det ikkje vere tvil. Men det er ikkje alltid unge menneske er i stand til å sjå dette sjølv. Det var litt av det vi kan kalle «gullgravarmentalitet» i fabrikklivet etter krigen.

Eldre og sjuke

Sjukdom og høg alder gjer at ein del menneske til kvar tid treng ekstra pleie. Dei må ha spesialkyndig hjelp. Mange treng aldersheim. Slike tilbod har ikkje alltid vore like gode i Sykkylven. Møllenpris var den aller fyrste eldreinstitusjon vi hadde. Tomta vart utskilt frå Sjursbruket på Vik i 1905. Ved



(Foto: Kjetil Tandstad)

Vikeelva stod del gamle kvernhuset til Larsgarden på Tynes. Kjøparen, ein bergensar, kalla kvernhuset for mølle, og han gav tomta si namnet Møllenpris. Seinare vart tomta seld til ein tyskar. Han sette opp bustadhus på tomta, eit såkalla «Schmidt-hus» i sementstein. I 1916 kjøpte Sykkylven kommune huset. Kommunen innreidde sementsteinhuset til heim for eldre trengande. Huset vart kalla gamleheimen på folkemunne. Børre Berli på Klokkehaug gav 3000 kr til kjøp av huset til dette føremålet. Møllenpris hadde plass til 15-16 eldre. Bygningen var i bruk som aldersbustad frå 1917 til 1940-åra. Marie Straumsheim var den fyrste styraren. Marie var ei yndig lita dame som gjorde sitt ytterste for at dei som budde der skulle ha det bra. Då dr. Bendixen kom til bygda, var ho langt oppe i åra. Då ho ikkje klarte arbeidet meir, var det ikkje plass til henne i heimelommunen, som ho hadde tent i alle år. Ho vart flytt til ein aldersheim på Hellesylt. Møllenpris fungerte som eit tilbod for folket på grasrota.

Midlane som stod til rådvelde var svært små. Men ingen leid direkte naud på den måten at dei fraus eller svalt. Men sidan huset opphavleg var bygd som ordinært bustadhus, var romma få og små. Det var jamt over fire personar på kvart rom. Dette var uuthaldeleg situasjon over tid. Huset hadde opphavleg ikkje innlagt WC eller dusj, så det hygieniske var lenge også svært problematisk. Då drifta av Møllenpris som eldreinstitusjon tok slutt under andre verdskrigen, var det vanskeleg for mange av dei ubemidla gamle i bygda. Mange måtte utanbygds. Bendixen engasjerte seg sterkt i saka. Arbeidet med å samle inn pengar til ny aldersheim starta same året som han kom til Sykkylven, i 1946. Fredrik Drabløs var leiar i nemnda som hadde til føremål å førebui ny heim. I 1952 kjøpte Sykkylven kommune eit hybelhus som fabrikkelag L.K.Hjelle hadde sett opp på Vik. Bygningen var opphavleg den eldste delen av konfeksjonsfabrikken Fønix på Aure. Huset ligg like ved Vike-elva, litt nedanfor riksvegen. Bygningen vart ombygt til ny heim for eldre. Folk kalla dette huset «Kvileheimen». Fredrik Drabløs gjorde svært mykje gratisarbeid i samband med prosjektet. Det var m.a. kolfyr i golvet, og mykje av det måtte skiftast. Det var berre ei trapp i huset. Der var ingen brannutgang. Kvileheimen på Vik vart ombygt seinare på 50-talet. No hadde dei gamle i Sykkylven fått ein stad å vere. Kvileheimen hadde plass til 20 pensjonistar. Margarethe Vik frå Fenrikgarden vart den fyrste styrarinna. Ho utførte oppgåva på ein glimrande måte og skapte ein heim for dei gamle.

Men sjølv om tilhøva var betre enn før, var dei ikkje bra nok. Bendixen heldt fram med å peike

på dette, og arbeidet gav frukter. Sykkylven kommune har seinare sett opp tre store hus på Berlihaugen. Dei gjev plass til eldre og uføre personar. Trygdebustadene har plass til ni husvære for einslege og tre for ektepar. Denne avdelinga vart teken i bruk i 1979.

Aldersbustadene, som har 26 plassar, vart teken i bruk i 1980.

Morris Bendixen engasjerte seg også sterkt i arbeidet for ein sjukeheim i bygda. Tidleg på 1960-talet vart det gjort opptak til eigen sjukeheim i Sykkylven. I 1965 vart det lagt fram fire tomte-alternativ. Valet fall på Berlihaugen. Arbeidet kom i gang i 1970. Byggetida var tre år. Då bygget stod ferdig i 1973, hadde det ei golvflate på 2800 kvm. Sidan sjukeheimen vart teken i bruk, har huset heile tida vore fullsett. Dette fortel litt om behovet. Her er plass til 40 pasientar. Vi veit at Morris Bendixen var høgt verdsett tilsynslege her i mange år.

Så er samtalen over. Dokter Bendixen fylgjer oss til døra.

Pass opp for hålska, formanar han. Vi bør ikkje bryte bein ved dokterbustaden. Men ingen fare. Morris har sanda vegen. Med havregryn. Småfuglane ryddar når isen er borte, og så får dei mat samstundes. Lat Afrika ha Schweitzer og Livingstone. Sykkylven har Morris Bendixen. Vi augnar fellesnemnaren. Men teier. Inga fokusering, takk!

Bak skyene har den svake marssola sakte sige attom synsrande. Det kveldar på Utsyn. Men over Aurenakken skimtar vi stjernene i Store Bjørn. Og vi veit at dei viser vegen mot Stella Polaris; det faste punktet på nordhimmelen. Så berre lat natta komme. Kva gjer vel del så lenge vi ser stjernene ?



Signe Villa

Ein gammal kumme kan få ein til å tenkje - og til å dikte. Signe Villa, frå Ikornnes, er pensjonist. Gjennom mange år har ho vore ein produktiv og omtykt skribent og opplesar i pensjonistlaget og andre foreiningar i Sykkylven.

Sengahalmen

Det vair ein vår vi hadde så mykje halm på James. Ho mor gjekk der og såg seg så lei på det store halmstålet framme i låa, som ho ikkje hadde bruk for. Ut skulle det så vi fekk rydde og koste opp heile låven i god rid før slått. Dette var halm av hevre og han var så lang og grovstråa, den beste sengehalmen som der var å få. Dette hende lenge før dei bygde fjørfabrikk nede på Ekornesøyra. Vi hadde ei tante som sydde på konfeksjonsfabrikken Fønix på Aure. Ho fekk i oppdrag å spørje dei andre skreddarjentene om dei ville ha seg sengehalm. Dei skulle få han gratis, men dei måtte hente han sjølv. Og mange av dei ville ha ny halm. Den gamle halmen var så utsliten at han for gjennom sengebotnen. Dei låg snart berre på trefjølene og fekk kink i ryggen. Jentene for ut på forrentingane på Aure og kjøpte seg stråsekkar. to på kvar til å stappe halmen i. Men korleis skulle dei kome seg over fjorden til Ekornes, dei måtte ha både båt og mannskap. Men jentene visste råd med det og. Dei gjekk til skreddargutane og spurde dei så fint dei kunne om dei ville gjere så vel å ro dei over fjorden, og det ville dei så meir enn gjeme. Det ville vere ei fin avveksling for dei, ein fin kveldstur som dei berre hadde godt av. Så kom dei roande over fjorden ein fin kveld i juni, med to færingar som dei fekk låne i Haubukta. Gutane venta i båtane, medan jentene kom til gards og fylte sekkane sine fulle med halm. Det var både romsdalingar og sunnmøringar og jubelen stod høgt i taket, dei hadde det svært morosamt. Far køyrde fram høyvogna og lempa sekkane opp i, sette hesten føre og så køyrde han nedetter alle bakkane og ned på kaia på Ekornes. Der låg båtane og venta. Karane fekk sekkane om bord og surra dei godt faste. Så stod dei over fjorden den eine etter den andre med jamne åre-

tak. Dei såg ut som to små fjell, vi høyrde hanke-lobben frå båtane rett som det var. Eg stod og såg etter dei til svinga rundt Haugneset og vart borte.

Den natta sov dei sikkert godt, skreddarane på «Fønix.»

Sulkommen

Ein dag eg stod attmed kjøkkenbenken og vaska opp, vart eg ståande med ein gammal komme i handa. Det som slo meg var kor gamal denne kommen var. Han har vore i huset så lenge eg kan minnast. Tenk å vere brukt til kvardags i over 70 år og endå vere heil. Slett og fin i kanten, ikkje eit skar. Og minna dukka opp frå den tida vi budde oppe i gamlestova. Eg vart ståande der ei stund å sjå på han. Då dikta eg eit lite dikt om han og skreiv det ned:

Sulkommen

Eg står med han i handa,
sulkommen hennar mor.
Ein gong var han kvit,
no er han grå av alder.
Eit svart strek,
bøyer seg faretruande nedover

Han stod på bordet då kvelden kom
full av god lettamjelk.
Dei vaksne åt av han med grautaskeia.
No står han nok aldri på bordet meir,
men er god til å gøyma restar i,
for meg er han eit kjærte minne,
men berre for meg.
Eg er så glad so lenge han varer,
sulkommen hennar mor.



Liv Aksnes



Karen Elise Matheson

Liv Aksnes er fødd i Ørsta i 1943. Ho har handelsutdanning. Liv flytte til Sykkylven i 1971. Ho er tilsett ved Møre Trafo A./S. For tida er ho leiar for eitt av dei politiske partia.

Karen Elise Matheson er fødd i Bærum i 1942. Ho har hatt tilknytning til Sykkylven frå tidleg på 1970-talet. Karen Elise er tilsett som spesialpedagog ved PPT-kontoret. På fritida syslar ho også med arbeid for barn. Ho likar godt å gå i fjellet, og er eit aktivt friluftsmenneske.

Kvinnesamarbeid - på tvers

8. mars - den internasjonale kvinnekdagen

Av Liv Aksnes og Karen Elise Matheson

På «Den Anden Internationale Socialistiske Kvindekongres» i København i 1910 vart den internasjonale kvinnekdagen innstifta, på initiativ av den tyske sosialdemokraten Clara Zetkin.

Kvinnedagen har vore feira over heile verda, på tvers av partigrenser. I Noreg vart 8.mars markert første gong i 1915 med eit stort fredsmøte i Oslo. I mange år var dagen lite påakta, men frå tidleg i 1970-åra har kvinnekdagen vore eit omgrep som dei fleste kjenner.

I det internasjonale Kvinneåret 1975 proklamerte FN den 8.mars som internasjonal kvinnekdag. Kvinneåret var eit år der «kvinner som samfunnsmenneske» vart sett på dagsorden. Omgrep som «kvinner har sin plass» vart diskutert opp og ned og ut og inn. Kva krav kvinner av 1970-åra kunne stille, var også eit kamptema. Det var ikkje berre kvinner mot menn i denne debatten, kvinner seg i mellom hadde naturleg nok også ulike syn på dette. Kvinner har tradisjon på å søkje å dekke over usemje og finne gylne mellomveggar. I 70-åra vart kvinner med ulike syn meir og meir medvitne på å stå på sine egne krav.

Samstundes som ulikskapar mellom kvinner kom betre fram under 1970-debatten, fekk vi også ei fin oppleving av samkjensle. Ei samkjensle som var basert på kvinnesolidaritet, både med kvinner i eigen verdsdel, men særleg med kvinner i den 3.verda.

Kvinnedugnad i Sykkylven

I 1984 tok kvinnegruppa i Sykkylven AP initiativ til at ulike kvinneorganisasjonar gjekk saman om felles markering av 8. mars lokalt. Tidlegare hadde fleire grupperingar hatt egne arrangement i høve dagen. I tillegg til Likestillingsutval. Kvinner for Fred,

Husmorlag, Helselag og Bondekvinnelag, var alle dei politiske partia med i komiteen. Dette har etter kvart utvikla seg til eit fruktbart samarbeid mellom kvinneorganisasjonar med ulikt verdigrunnlag.

Kvinnekultur

Tema og prosjekt for 8.mars har variert frå år til år, men forma har stort sett vore den same: ein program- og kulturkveld med tale, appell, musikkinnslag, mat, kaffi og loddsal. Fleire kvinnelege kunstnarar i Sykkylven har kome «fram i lyset», med utstilling av produkt som dei syslar med i fritida, eller som dei skaper seg ein leveveg av.

Vi har hatt:

- Utstillingar av spanande kvinnelitteratur frå biblioteket.
- Sal av U-landsvarer ved FREDSROSEN i Ålesund
- Collage laga av jenter frå Sykkylven vidaregåande skule
- Cabaret» av Kvinner for Fred
- Miljøheimevernet
- «Tablå Info» om Kvinnemeldinga frå fylkeskommunen
- Musikkgruppa «So det so»
- Monolog om Oda Krog

Komiteen har vore bevisst på å leggje arrangementa til ulike krinsar i bygda. Frammøtet har vore utruleg bra, mellom 150 og 200 personar, uansett ver-og føreforhold. Andre som lagar liknande arrangement blir overvelda når dei høyrer dette. Overskottet har variert, frå 1.000 kroner det første året til om lag 7.000 kroner dei siste åra. Summane har gått til «gode formål» for å hjelpe menneske i andre deler av verda.

Samarbeidet har stort sett gått svært greitt. Dei ulike organisasjonane møter med eit par representantar i komiteen. Desse kan variere frå år til år. Komiteen fordeler oppgåvene mellom seg, og får fleire med til det praktiske arbeidet, som baking o.l. Alle møter med positiv innstilling, og vi kan stole på at det den einskilde tek på seg, blir utført.

Fleire gonger har programendringar utløyst ekstra kreativitet, ved at komiteen på kort varsel har steppa inn med «program poster av ulik kvalitet» når andre har meldt forfall. (Det har i alle fall vore moro for aktørane.)

Om talarane har representert «ytre høgre» eller «ytre venstre» - eller midt i mellom - så har ikkje det skapt problem, for både markering og ansvar har gått på omgang.

Problemet har vore å få med yngre krefter. Det har stort sett vore «modregenerasjonen» som har delteke. Men dei siste åra har der vore ei positiv utvikling i så måte, med unge appellantar, programleiarar og aktørar.

Kvinnesamarbeid og kvinnetettverk

Dei som har delteke i 8.mars-komiteane desse åra, har ofte gitt uttrykk for at dei opplever dette samarbeidet som svært positivt. Vi har fått god kontakt på tvers av partigrenser og andre «grenser», og oppdaga at det slett ikkje er så mykje som skil oss. Vi har fått eit «kvinnetettverk» og ein fellesskap i Sykkylven ut frå dette årlege komiteearbeidet, der kvinner med ulike interessefelt og politisk bakgrunn samlast om ei felles oppgåve. Ofte under arbeidet i 8.mars-komiteen har vi kome opp i diskusjonar om viktige tema. Sjeldan har vi hatt tid til å gå i djupna. Kanskje vi burde gjere alvor av å skipe til nokre diskusjonskveldar i løpet av året over viktige tema for alle. Vi har mykje å lære av kvarandre. Då hadde vi også fått gjort noko med det som alltid kjem opp etter eit 8.mars-samarbeid: «Dette var kjekt, vi burde samarbeidd meir!»

I Sykkylven har vi kanskje gått litt på akkord med meiningane våre for å få til eit samarrangement på sjølve 8.mars-dagen. Vi trur det er rett at vi held fram med dette, men vi kunne kanskje bli flinkare til å leggje forholda til rette på anna måte for å bryne oss meir i kontroversielle saker.

Oversikt over programtilbodet i perioden 1984-94

(Kva overskotta har gått til, står i parentesar):

- 1984 Laila Kaland: Kvinner og politikk.
Grete O. Røyr: Kvinner i Iran.
(Britt Hodnes blindeskule i India)
- 1985 Marie L. Vidnes: Haldningar og fordommar til kvinnesak.
(Betel Giri Town i India)
- 1986 Helene Bøsterud: Kvinnerepresentasjon i politikken.
(Eritreakampanjen i «Kvinner i Fokus»)
- 1987 Martha Schumann: Tankar kring eigen litterær produksjon.
(Kirkens Nødhjelp Brønnprosjekt)
- 1988 Bergljot Hjorthol : Kvinne og kvinnesak.
(Krisesenter for kvinner og barn i Bangkok)
- 1989 Liv Nordhaug : Kvinner jeg møtte.
(Inger Harringtons prosjekt i Brasil)
- 1990 Sissel Brunstad: Kvinnene sin situasjon i Latin-Amerika.
(Sjukehus i Peru)
- 1991 Marie L. Widnes: Jenteflukt frå bygde-Noreg. (Romaniahjelpa)
- 1992 Eva Finnstad : Situasjonen for kvinnene i dei baltiske statane.
(Born frå Ukraina)
- 1993 Inger L. Gjørz: Kvinnesolidaritet utan grenser. (Norsk Folkehjelps aksjon: Kvinner - Krigens skjulte ofre)
- 1994 Aud Inger Aure : Kvinnesolidaritet. Treng vi kvinnetdagen? (Olympic Aid)



Kari Ramnefell. (Foto: Staale Wattø)

Pilegrim


Å heilage barn der du kviler på strå
som fattigmanns barn i ein stall,
eg øygnar den tungsame veg du må gå
der trufast du fylgjer ditt kall.
Sjå, vandrande vismenn kjem til deg frå aust
og helsar deg storfelt og raust.

Men her kjem ein arming frå høgaste nord
og stoggar ei stund ved di dør,
min fot er så trøytt av si vandring på jord
og ber på ei tyngjande bør.
Å, Herre eg skulle ha bora mi full av
røykjelse, myrra og gull.

Av det som gjer bora mi tung her eg går
er vanmakt og mismod og tvil,
og misgjerd og møde og sjølvalda sår
det bar eg på mil etter mil.
Å, lat meg få leggje den skuldbøra ned,
og gjev meg din nåde og fred.

Då vandrar eg frigjord i tru på ditt ord, ei lykt og
dit ljøs på min veg,
og kunne eg lette ei bør frå min bror,
då var eg ein tenar for deg.
Å, heilage barn, framfor
krubba på kne
i kveld vil eg takka og be.

Henrik Straumsheim



Olav O. Løseth er fødd i Ramstaddal i 1915. Han er gardbrukar. Farfaren til Olav vart 96 år, men var klår til det siste. Han fortalde mykje frå gammal tid. Olav er interessert i lokalhistorie, og har skrive ned soger og segner, både etter farfaren og etter andre kjelder.



Olav O. Løseth

Ramstaddal - Grenda vår

Av OLAV LØSETH

Melodi: Tordenskjoldvisa

Vil du høyre på ein song
om livet som har gått sin gong
i denne stille grenda vår
om no, og i dei farne år?

Kring grenda rundt på kantar tre
stend høge fjell «å jøje me»,
men heldigvis vi ser mot nord
den djupe, breie Storefjord.

Og fjorden ligg der djup og brei
med mykje torsk og sild og sei
og mangt eit fiskemål på bord
vart henta frå den rike fjord.

Løsethorn du stend så traust
frå deg er utsyn rik og raust.
Vi ser og ser frå syd til nord
Vi ser deg fagre moderjord.

Litt lenger syd og aust og opp
vi kjem til Ausekarets topp
og ser så vidt og du kan tru
vi ser minst kyrkjesokner sju.

Ramstaddal du gamle grend
med «Grettenes» og «Hodnelend»
og «Båthaugen så vid og brei
vi ser han nær og langa lei.

Og segna ho fortel oss det
at grenda har forandra seg.
og at eit vatn så stort og gjævt
det var til timberfløyting hævt.

Og vatnet midt i grenda låg
så alle kringom det dei såg
kor sjeldan fint og flott her var
i dei gode gamle «dar».

Og vatnet gjor som vatnet skal
det laga digert fossefall
og det vart eitt av beste slag
for den kjende Ramstadsag.

Her vaks det kjempefura stor
det viser store bakstebord.
Av same furustokk der er
fem bakstebord i grenda her.

Og timber fløyta vart i flokk
bort til Timbrestø på Klokk.
Der tok dei det og drog på land,
og køyrde det med hest og mann.

På Ramstadsag vart plank og bord
til byggverk på hollendar jord.
Dei materialar kjøpte her
og seila heim og bygde der.

Men saga skaut til slutt dei burt
fordi dei vart så kraftig lurt
av ein styggens fantekar
som etter pengar grisk han var.

Men så ein gong tok vatnet slutt
for flaumen reiv det heile ut
med bulder og med brak det for
og enda i den store fjord.

Og midt i dal renn elva vår
som ho har rent i mange år.
som oftast lita, still og svak
men no og då med bulder, brak.

Og når elva veks seg stor,
vert det oftast fisk på bord,
av diger laks og masse pjakk
Å du! Å du! Og tusen takk!

Og segna den fortel oss det
som eg gjere her tek med
at etter svartedauden var
her att ei kvinne og ein kar.

Dei einaste som her var att
Dei andre hadde sotta tatt.
Dei sine pjalter slo i hop og
sidan fatt på livet tok.

Lat oss også gi litt akt på den
kjende Ramstadjakt som med
årer, seil og ror
pløgde havets bølge stor.

Ramstadjakt med rigg og seil
tok av leia aldri feil
men seilte stadig vekk på ny
opp til Trondheims store by.

Ved Murteberg vart masta reist
det store, tunge, høge beist.
Men opp ho kom med kav og mas
og jekteskipper var han Lars.

Av spekekjøtt og smør og ull
dei lasta jakta riktig full.
Og bytte bort i salt og korn
og kom so att til heim og born.

Gamle dagars tronge kår,
var her og i grenda vår.
Du arbeid, pengar lite sjå
var glad du fekk ei mataså.

Då mange unge reiste ut
sterke, friske, jente, gut.
Til Amerika dei før
frå fedrelandet, far og mor.

Her mang ein kjempekar har bodd
forteljer segn og fedres ord.
No ligg for lengst dei i si grav
som stridde djervt på land og hav.

Og segner har vi mange av
Og helst dei kjem i eldres lag
der praten går om gammal tid
om hende rundt i bygda mi.

Lat meg nemne nokre få
som har sett litt farge på
livet i ei lita grend
og i mange minne stend.

Monsen var ein artig fyr
åt hestekjøtt og store-lyr.
Men best for han var rjomegraut
derfor var han stor og staut.

Gubben Lars var ein kraftig kar
dertil var han gløgg og snar
i Storvardli han høgde skog
og lempa utfor bratte flog.

Sivertsen på Kvelvet låg
og derfrå han så grufullt såg
hans kameratar sokk i hav
og fekk si djupe, våte grav

Og Bendik lyfte kjempestein
så andre berre stod og flein.
Og Ole Pettersen, må tru
han som bar ei vaksa ku.

Mange fleire sku eg nemnt
som Løset-Knut og Rabbe-Bernt
og gamle Sivert Lukkedal,
han var ein ekte original.

Men lat no desse vere nok
av den heile samla flokk,
som har budd i denne grend
som ikkje var så vide kjend.

Mange rare namn vi har:
frå Plittegrov til Ausekar
frå Sundagshaugane i vest
til Boltifjell med vardar mest.

Trætteslætte vert sjeldan nemnt,
Raudegeita betre kjend.
Gråtarurane ligg skjult
av sand og grus er overfylt

I Fasteindalen ta ein tur,
sjå Svødene og Middagsur
og endå høgare du sjå
Barbråtua høgt å stå.

I Geiddekloven smal og bratt
vart siste bjøm i snare tatt
og Blådalen så bratt og trong
skal og bli med i denne song

Nausa fer du fort forbi
Høgt og fritt ligg Ferselid
Kråkenes sku eg kanskje nemnt
og Espeberg så vide kjent.

Fasteinvoll og Snøbreli
har vi høyrte om all vår tid.
Seljeflæme og Børnenakk
Fleskefærne og Furubakk.

På Jakophjell og Kjørelmyr
er det få som no held styr
Blådalsegg og Kyrfonnes
Bukkeflåhjellen og Kjiflånes.

Frå Klimpene til Storsteinskar
trengs ti minutt om du er snar
og om ein time raskt du gå du på
Vardefjellet stå.

Men bruk no godt din fantasi
og giss kvar ligg vel Øvstesti
Trompen, Aksla og Storeskyle
og så Geithaug og Fersene.

Lyrhellar og Raudeflær
Krustø, Bugnes er også der
Ansokdal vi også ser
og Storefjell med endå meir.

Blånebbe og Blåfjellskog
lunt og fagert mot meg log
Simoskar og Bjønnkinnhaug
og Skitnelia, det blaute smaug.

Reitemyr og Ryingstårn
Skrubbehaug og Lillehorn.
Lukkedalsnakk kor stolt han står
- utsyn over grenda vår.

Pina, Koftne, Løfsehamn
- også sjeldne, rare namn
og endeleg ta med to fjøretroll
Løkjingsgrovneset og Gulekoll.

Men lat no ikkje han stå att:
Hesthamaren, så stolt og bratt
med Hegreflå og Kolda svart
og Myrbærholt, så fin og bjart.

Årsetvatnet gløym kje det
no vi drikk det i kaffi og te
Før det rann i hav så fritt,
no er det temt til ditt og mitt.

Orreneset, ei perle for seg
du sjeldan ser på din vide veg.
Eit fyrlys det er og vere skal
no i dag, og i framtid all.

Ved Nysetervatnet det ligg så fint
med utsyn, så at du blir mint
om livets rike, rause flor
på denne uendeleg vakre jord.


Vi har fare på kryss og tvers
og sauma i hop desse stakkars vers
om folk og namn og vendingar,
om grendas mange hendingar.

Massevis av namn stend att
som her ikkje med er tatt.
Men alle namna, fjern og nær
dei fortel oss kvar vi er.

Ramstaddal, du gamle grend
du i våre minne stend
Trass i kav så mang ein gong,
du er støtt vår lune song.

Mang ein sliten dalamann
på gods var liten, fattig, arm.
Tappert streva han si tid.
Vi minnest her hans kamp og strid.

Så sluttar vi vårt vesle kvad
og veit at vi er hjarteglad
i denne vakre grenda vår.
Gud sign ho Du - i alle år.



Ole Elias Emdal var fødd på Stranda i 1906. Han kom til Sykkylven i 1929. Utdanna seg til lærar og var i ei årrekke skulestyrar ved Jarnes skule.

Ole Elias Emdal



Helsing frå Fjellseter

Tone: «Når lysene tendes der hjemme»

Kom til vidder rundt Nysetervatnet,
mellom Kleivdal og Tudal i vest.
-Innom vatnet, - i nordaust, ligg Fausa,
og i sør pyntar snøfjell til fest.
-Det er Råna med Regndal og tindar,
lik ei gullkrane lyft imot sky.
Sveipt om kvelden i nattslørde skuggar
men kvar morgon i solglans på ny. -

Kom når snøen ligg ny over fjellet,
lik eit vinterlin sveipt over land.
Skogen stend der med frostslørde greiner
glimt av sølv og smaragdfarga hand.
Gå på ski over legder og åsdrag,
i ein fjellheim, - ein åndernes hall.
-Sjå Guds allmakt i alt som du møter.
Lytt til Skaparens mektige kall. -

Kom når vårsola stig over fjellet.
-Sprengjer vinterens frostharde band.
Vekkjer liv langs dei snøkvite fonner,
legg eit grønsjør til åskantens rand.
Høyr kor orfuglen buldrar i lida.
-Rjupa skarrar frå rabbar og kratt.
-Høyr kor livet av elskhug det brusar,
i ei vårslørde og drøymande natt. -

Kom når sumaren angar i mot deg
ifrå blomar og lauvkledde li.

Ro din båt i den dâmstille kvelden.
Kliv deg opp over flogbratte sti.
-Du finn utsyn til blânande rømder.
Bredeârmâr tek tindar i fang.
Friske fjell-lufta kroppen din svarar,
gjer det gladvâr og lettâr din gang. -

Kom når hausten paletten sin fyller,
fargar alt for ein fin symfoni.
-Logne vindar i holt og i lundar,
lunar rundt deg på vandrande sti.
-Mânesølvet det glitrar bak lauvet.
Denne vandringa gjev fred i ditt sinn,
-Alt ikring deg det kviskrande talar:
Denne fjellheimen er din! Den er din!

Biletkunstnaren Knut Myrseth måla seg inn i mange hjarte på Sunnmøre. Han var fødd og budde i Ålesund, men hadde nær tilknytning til folk og landskap i Hundeidvik heile livet og henta mange av motiva sine herifrå. Barbro Myrseth Gjerde, som har skrive denne artikkelen, er dotter til Knut Myrseth.

Knut Myrseth *- kunstmaleren, min far*

Av BARBRO MYRSETH GJERDE



Knut Myrseth pd Rellingsetra i Norddal.

Det var med glede jeg mottok tilbudet om å skrive om min far Knut Myrseth i årets årbok.

Min far ble født i Ålesund den 14. juni 1903, hans far var Ole Andreas Myrseth og hans mor var Malla, født Kalve.

Ole Andreas Myrseth var fra Hundeidvik i Sykkylven og Malla var fra Lille Kalvøy i Ellingsøyfjorden. Ole Andreas reiste til Ålesund i ung alder og arbeidet som snekker og ble senere byggmester. Det er ikke få hus i Ålesund som er blitt til under hans hender. Ålesund brant i 1904. Tidene for en byggmester ble gode. Han virket helt til krigen kom i 1940. Da pensjonerte han seg. Min far Knut var nest yngst

i barneflokk og han hadde et meget godt og trygt hjem ute i Kirkegata 41, hvor både familien fra Sykkylven og Kalvøya var flittig innom.


Dessverre husker jeg ikke så mye fra mine besteforeldres hjem ute i Kirkegata, for min bestemor Malla var død før jeg ble født og bestefar Ole Andreas døde da jeg var åtte år. Men noe husker jeg da, for bestefar var en forteller av første klasse og han var også en naturens mann. Så mange gode minner fra de turene jeg var med han rundt om i Ålesund, på Aksla og også inne på Ikornnes, og ellers i Sykkylven. I mange år hadde foreldrene til pappa en gard på Øvste Ikornnes, som de drev om sommeren og forpaktet bort om vinteren. Da bestemor døde, bygde bestefar seg et landsted ned mot «gamlekaia» på Ikornnes. Der har vi mange gode sommerminner fra. Det er sikkert fra bestefar Ole at pappa hadde arvet sin trang til å gå i skog og mark, utforske det ukjente, men også gå i gamle spor og minnes. I alle år helt til de to siste måneder av sitt liv, gikk pappa ut i skog og mark, og mange, mange er de turene jeg har fått følge han.

Pappa fortalte meg at det var ganske tidlig han begynte å tegne. Han brukte å gjemme seg bak lenestoler når de hadde gjester, og så tegnet han gjestene, ofte på papir som ikke var egnet til det. Men lysten til å tegne var så stor at alt kom til nytte. Hans største ønske var et malerskrin, men foreldrene hans syntes ikke det var noe stas med all denne tegningen. Det han hadde han vel ikke bruk for her i livet. Men den dagen han endelig fikk seg et fargeskrin av ei tante, og siden et malerskrin, ja da var det som om alt løsnet... Fra da kunne ingenting stanse han.

Alt, ja, alt han kom over malte eller tegnet han, det være seg natur eller mennesker, men også andre ting han syntes var interessant.

Foreldrene var som sagt ikke noe begeistret for at han hadde denne store trangten til å male og tegne, for han skulle bli til noe her i verden. Lydig som han var, så hørte han på foreldrene.


Etter at han ble ferdig på gymnaset, begynte han å studere til lege.



Motivet på dette bildet er utsikta frå Myrset i Hundeidvik.



Haustmotiv



Måleri med motiv frå fjøra nedanfor sjukehuset på Åse med utsyn mot Sykkylven.



Måleri med motiv frå øvre del av elva ovanfor Fet.

Etter noen års studier ble han syk, han fikk spanske-syke og var meget, meget dårlig. Men hans mor og familie pleiet han, og han kom seg langsomt, etter et langt sykeleie. Det beste av alt: han slapp å starte opp igjen studiene. Han fikk gjøre som han selv ønsket, og det var å tegne og male. Det første han gjorde var å reise rundt på alle store gallerier i forskjellige land for å se og lære om kunst. Han fortalte at han var nesten som besatt, han syntes at han hadde så mye å ta igjen. Pappa fikk også med seg litt kunst- og håndverksutdannelse, før han kom hjem til Ålesund.

Han traff da mamma, Frida, født Martinussen, og det ble giftermål.

Å leve av kunsten sin i denne tiden, gikk ikke. Det kunne man ikke. Så han startet sammen med sin kone, en fruktbutikk. Mens mamma drev butikken, underviste pappa på Latinskolen i Ålesund, som tegnelærer og senere som sløydlerer. På ledige stunder tegnet han.

Han underviste på skolen i hele 32 år, og mange er de elever som i dag ikke har glemt han. Han var en meget avholdt lærer. En tid underviste han også på læringskolen i Ålesund om kveldene. Han gikk av med pensjon 65 år gammel, samme året som mamma døde.

Kaare, Ole-Fredrik, mine to brødre, og jeg vi hadde et godt hjem, først i Kirkegata, siden flyttet vi til Fjelltun. Vårt hjem var preget av varme og gjestfrihet og var åpent for alle våre venner. Vi tre barna er oppvokst med pappas staffeli på stua, med malertuber, terpentint og pensler strødd omkring. Vi måtte bare innpasse oss etter det, og det gjorde vi også. De ferdige bilder sto pent oppstilt langs ene veggen på stua, og det var alltid spennende å titte på dem og titte på dem, men vi behandlet dem alltid med respekt.

Mamma var en mester med nål og tråd og der var alltid strikketøy, sytøy, broderier og annet handarbeid og gjerne symaskinen i skjønn forening med malertuber og pensler. Det var virkelig et hjem som levde og som det bodde mennesker i. Når vi hadde gjester og stua ble ryddet, var det nesten noe rart. Vi syntes alltid det var best når alle malersaker og sysaker kom frem igjen. I alle lange skoleferier i påsker og julehøytidervar vi snare å reise med melkebåten fra Meierikaia i Ålesund og inn til Hundeidvika, hvor mamma og pappa hadde bygd opp et landsted, på ei tomt pappa fikk kjøpe av sitt søskenbarn, Petter Kursetgjerd.

De hadde kjøpt en halvdel av den gamle Dregestova fra Stranda, fraktet den med lastebil utover til Hundeidvika og siden på sjøen ut i Kursetstranda, hvor den ble satt opp. Der har vi hatt et alle tiders sted i alle år. Nå er det jeg og min familie som har overtatt der, og vi stortrives, med gode slektninger og venner rundt oss.

Ja, ute i «Knutstova», som stedet heter, trives alle, og mange gode minner rommer den.

Pensjonisttiden ble nesten 20 år for pappa, og da bodde han nesten hele året her inne, nær naturen og alt det han var så glad i. Mange var de måleriene som ble til i fra Sykkylvens skjønne steder, under denne tiden.

Da vi barna var små, bodde vi en del somre oppe på Fet. Det var under og etter krigen. Hos Fet-folket hadde vi det meget godt, og der følte vi oss virkelig velkommen. Vi har mange gode venner og ikke minst minner derifrå.

Noen somre brukte vi å leie sel oppe på Fetstølen på Fjellseter, og det var da det var full drift der, med buskap, budeier og det hele, og mange aktiviteter. -Aldri om man noensinne glemmer slike somre...

Hos Dalseth nede i Straumgjerd var vi innlosjert noen ganger, og kanskje også andre steder som jeg ikke minnes. Dette var da før vi bygde vårt eget i Hundeidvika.


Og pappa han hadde slektninger, kamerater og kjente rundt om alle steder. Som den omgjengelige, beskjedne og alle tiders mann han var, så var det svært lett å bli kjent med han.

Andre somre var vi rundt omkring på andre steder på Sunnmøre. Som skolelærer hadde jo pappa lange sommerferier, og vi varierte litt da. Pappa var alltid på jakt etter motiver, og vi i familien var alltid trofast med. Han likte å ha oss rundt seg, og han likte å ha oss samlet. Vi hadde et inderlig nært forhold, og det var stor sorg da mor forlot oss bare 57 år gammel.

For pappa var det et umistelig tap da mamma døde. De hadde et ualminnelig godt ekteskap. Mamma var hans beste venn og hun forstod hans store trang til å male og tegne, og han fikk frie tøyler i det henseende.

Male, tegne, skrive eller lese, det var pappas liv bestandig. Han store hobby ved siden av malingen, det var å lese. Alt, absolutt alt, leste han, men aller mest likte han historie, og den ga han villig fra seg til oss andre. En god forteller var han. Vi barna hans har mangt et godt minne fra høytlesingsstunder og fortellerstunder.

Dette diktet er henta frå «Varamannens jolenummer 1912», med andre ord frå lagsbladet til ungdomslaget Samhald i Straumgjerde. Diktet Sykkylvsbygda kan vere av Henrik Straumsheim. Rytmen er fast og det er gode rim. Nokre samansette adjektiv «ljøsgrøne», «blaa-blanke» peikar mot Straumsheim, skriv Straumsheim-kjennaren, Terje Aarset, i Ørsta. Språkforma i diktet er forsiktig normalisert av redaksjonen.



Utsikt frå Straumen bru. (Foto: Eldar Høidal)

Sykkylvsbygda

Sjå fjorden seg buktar så fager og blå
med lette og leikande småbølgjer på,
som rullar seg mjukt i mot smilande strender
og tøyser seg inn mellom storfelte grender.

Sjå fjella med hamrar og villaste stup
med blenkjande bredar i skard og i kup,
med tindar og piggar og nakkar og nutar
som drusteleg fram over dalen seg lutar.

Og fjelldalen ligg der så dårande blid
med surklande bekkar i lauvkledde lid
med blinkande fjelltjørn der småbærer skvalar
med friskaste fjell-luft som styrkjer og svalar.

Sjå venaste lundar av rogn og av hegg
av selja og bjørka med snøkvite legg,
der fuglen så fagert frå greinene kvitrar
og dogga i graset som glimestein glitrar.

Sjå blømande enga med blomar og strå
og skogen med ljøsgrøne lauvkappa på.
Og fjella og lia og grønkande bøen
dei speglar seg av i den blåblanke sjøen.

Ja, bygda vår ho er vel storfelt og vill,
med kløkkjande fager og underleg mild
- eit samspel så vent mellom fjella dei ville
og fjorden den blåe og dalane stille.

Varg

Dette er ei lokalhistorisk novelle skriven av ein person med tilknytning til Sykkylven. Forfattaren ynskjer ikkje namn i boka denne gongen.

Flyttardagen

Lars Bernt ser tenksam opp mot skyene før han legg inn årene, tek seg ei skrå, og ser på dei bak i båten. Kona hans, ho Johanne Severine, smiler sårt under det slitte storplagget medan ho pakkar det tettare kring minstejenta, Maria, og seg sjølv. -Frys dökke? Lars Bernt flytter seg litt på midttofta. -Nei, ikkje so fole. Johanne Sevrine legg armen tettare kringveslebarnet. Maria er berre to år. Ho har namnet sitt etter mormora, ho Ås-Marit. Maria sit bleik, storauga og sjukleg stille på fanget til mora. Ho har ein slik lei hoste som aldri skikkeleg vil sleppe taket. Ved sida av dei sit Jens Petter på tre. Han har ei stor, raud ullhue trekt ned over hovudet. På hendene har han to digre grå sjøvottar som han har lånt med faren. Jens Petter snufsar og er småforkjøla og pussar nasa alt i eitt. Men han smiler stort og likar seg på sjøen. Sola har for ei god stund sidan passert Hammarset-tindane og Straumshornet. Ut fjorden driv det enno småflak av issørpe og fortel at det har vore kuldegrader innja revet i natt. Ein flokk tjeldar flyg lågt, med kjappe vengeslag plystrande forbi båten ut og inn fjorden, og varslar at vinteren likevel i all hovudsak er over for denne gongen.

Året er 1893. Den gamle, svartbredde færingen sig inn Sykkylvsfjorden. Folk på Stave har fylgt båten med augene, alt frå han la ut frå nausta i Ullavika. Ein legg merke til farty som er ute i dag. Det er fjortande april; flyttedagen.



Lars Bernt snur seg og peikar i retning av Bytnings-neset.

I bakgrunnen buldrar Riksheimfossen kvit og kraftig ned over stupbratte, slettslipte svaberg og rakt inn i svarte småskogen før vatnet tek vegen gjennom gylet og ut i fjorden. På strandsletta ikkje langt frå sjøen står nokre blygrå bygningar. - Der er Kjereplassen. Det er dit vi skal. Lars Bernt møtte Johanne Severine i eit bryllaup på Fauske det året han fylde nitten. Ho var rett nok fire år eldre enn han, men den venaste skapningen Lars Bernt nokon gong hadde sett. Særleg når ho lo. Dessutan var ho så flink til å danse.. Året etter kom Petter Tomas til verda. Han sit no, litt sjølvgod, i baksbuden og fiskar med ei heimegjord rognetrode. Troda er påmontert hampsnøre og stål-krok, må vite. Og kroken er egna med sjølvfunnen fjøremark. Petter Tomas er sju år og skal ta til på skulen frå hausten. Han har nyst mist ei av dei store mjølketennene oppe i munnen, men er elles i topp form.

Fiskeri er det likaste han veit. Faren har sagt at stongfiske midtfjords på blanke dagen ikkje har noko særleg føre seg. Men han har også sagt at ikkje noko duger uprøvt. Det er det siste Petter Tommas likar best, og det satsar han på her.

-Du må late han Jens Petter med få prøve å fiske ei stund!

Mora ser på eldsteguten. Men Petter Tomas let som han ikkje høyrer. Jens Petter er berre tre år, og alt for

ung til å fiske. Tenk om ein storkroppung huka seg på? Nei, då var det betre om ho Johanne Nikoline fekk prøve. Ho er trass alt fem år og sterk som ein gut. Men så er det dette at ho er jente då. Kvinnfolk på sjøen, har far sagt, det er nesten like rådlaust som heste handlarar det. Dessutan steller Johanne Nikoline med sauene deira, ho Tikka. Dei held til framstammen begge to. Tausa klappar gimbra og byr på turrhøy frå ein liten sekkepose ho har i fanget. Tikka er det

Teikning: Lars Peter Dahle.

einaste husdyret dei eig. Men ho skal bli mor og mormor til mange. Berre vent, har far sagt. Han har skore merke på baksida av begge øyrespissane på Tikka. Det er for at folk skal kjenne ho att frå andre sauer. Det må ha vore fole vondt. Tikka blødde litt også, og ho mekra høgt ei lang stund. Johanne Nikoline tykte hjarteleg synd i sauen sin då, og kan ikkje skjønne at slikt skal vere naudsynt. Kjenne att Tikka skulle ho ha gjort uansett om sauen var mellom tu sen millionar andre sauer. Jenta klappar gimbra og matar henne med meir for.

-Eg er so usikker på om det var rett å reise frå Åsa. Johanne Severine ser spørjande på mannen, som har teke til å ro att. Det knirkar rytmisk i hamlevidjane for kvar gong dei slide bjørkelaskane på årene vert førte fram og attende mot einekeipane. Johanne Severine veit ho har sagt alt før

- Der burte hadde øss sola heile året På Erstad og Riksheim skin ho berre av og til. Der må det vere «det myrke fastland», minst! Mannen er ikkje svarlaus. Poenga har han høyrte før. Men han har fått viljen sin med omsyn til flyttinga, og kan gjeme stille seg litt lagleg til:

- Det er for det meste overskya likevel, og då er det like lite sol alle stader. Men «Mennesket lever ikke af Solskind alene», veit du. Det står i Skrifta. Lars Bernt spyttar brunt

i sjøen og ser påteke truskuldig på kona.

Ikkje heilt ren attgjeve, tenkjer Johanne Severine. Men det

seier ho ikkje. Han har eit velsigna humør i alle fall, han Lars Bernt. Det har han alltid hatt tenkjer ho. Det er for seint å trege no. Det veit ho. Men ho klarar ikkje dy seg likevel.

Lars Bernt legg inn årane, tek av seg begge vottane og legg dei ved sida av seg på tofta. Så stikk han peikefingeren ned i midtplitten og lyfter denne til sides. Han tek så nokre tak med ausekaret. Munnen er alvorleg, men det rykker litt i eine augeloket før han ser på kona si:

- Ja, men øss er seks stykkje alt. Til hausten kjem det eit lite til. Og kven veit om eit par år? Øss kan vel ikkje legge upp so brigst?

Og Johanne Severine smiler med, same kor tanke full ho er.

Lars Bernt blinkar lurt og ser litt lystig opp i veret medan han legg plitten på plass att og legg ut årene. Det luktar ramt av fjøre og salt tare. Sola står snart over Trollkyrkjetindane. Det har etter kvart blitt fjølgare i lufta. Ein stareflokk har slege seg ned i dei safttunge seljerrunnane langs nordstranda, og jublar og briskar seg mot den yre vårhimmelen. Frå Erstad-fjellet siglar to ørnar på veldige vengjer tett i tett i retning av Aurenakken. Dei har nok reir i området ein stad. Eit stokkandpar padlar forbi bålen. Hoa er

brunkledd og held seg litt blyg i bakgrunnen for hannfuglen som stolt seglar av stad, briskande byrg i si fargerike fjørdrakt. Johanne Severine seier ikkje no ko. Ho stryk varsamt Maria over håret, legg så høgrehanda fyrst på hendene og så på panna til barnet. Har ho feber tru? Mora er ikkje sikker. Får vone vi er framme snart, så borna kan komme seg i hus, tenkjer ho, medan ho pakkar kleda lettare kring den magre jentekroppen. Langt borte ser ho Åsen som ligg der høgare og friare og vakrare enn alle andre bruk i bygda. I Åsen kjenner ho kvar ein stein og kvart eit tre. Ho veit kvar ekornet held til, og kvar bjørkefinken har reirplassen sin. I Åsen kjem sausymra fyrst om våren, og ved bekken i den vesle dalen bak bygningane blømer snart dei blygaste blåfiolane tett i tett. Då ho var lita, plukka ho blommar der og gav dei til mor si. Ho vart alltid så glad då. Og ved pinsetider stør gamleheggen bak smia kvite krunblad over folk og dyr og det angar sterkt av ville voner og dulgde draumar. Om somrane kan borna springe berrføtte på turre, følge berg frå sist i mai til langt på hausten. Ho veit kvar beste blåbærtuvane er, og kvar dei kan finne finaste villbringebæra. Ho hadde funne seg ein eigen utkisplass på ein storstein bak løa. Derfrå kunne ho sjå mange av gardane på begge sidene av fjorden. Kvar jonsokafta kunne ho sjå røyk frå bål kring strendene stige opp og legge seg til dis i den stille sommarnatta. Kvar sundag ved høgmesseetid kunne ho høyre dei kraftige klokkene frå nyekyrkja som kima til høgmesse. Særleg høgtidsamt var det når dei ringde jula inn. Då brukte folket på Storetua å gå utadørs og berre stå stille og lytte.

Enno kan ho sjå husa som Jakob mostemann bygde på bruket. Ho kan også sjå gamlestova på husmannsplassen Store-Tua, der ho kjem frå. Det var faren hennar, Jens Hansten, som fyrst bygsla plassen. Far og mor fora to kyr og fem sauer der. Dei sådde ei tynne poteter og ei tynne blandkorn kvar einaste vår. Far hadde hatt bygslerett på Åsenbruket, på same måten som faren og farfaren hans. Men det var Nils Roald som åtte bruket, og han ville ikkje selje. På bruket kunne ein fø hest og gris og tre gonger så mange kyr og sauer som på Storetua. Dei sådde dobbelt så mykje i åkerreiten med. Far hadde gjeve frå seg bygsleretten til systra si og mannen hennar, han Jakob frå Sjøholt. Men far hadde teke med seg gamlestova då han flytte til Storetua i Åsbakkane. Bygningane på bruket var det han som åtte. Det var sjøen han far hadde vore mest interessert i. Han låg på sildefiske og torskefiske kvar einaste vår. I tillegg dreiv han med krøterhandel. Slik utferdstrong kunne vere farleg. Ho hugsar som det skulle ha vore i går kor ofte han hadde forklart om dei vanskelege stadene i Storfjorden.

Særleg hadde han tala mykje om Flisneset. Flisneset, det er det same som «forlisneset» det, brukte han å seie. Det farlegaste punktet var der båtane kom frå

Vegsundet og ut mellom neset og Flisholmen. Då galdt det å kome seg godt frå land slik dei fekk heist segla. Stod vinden sterkt frå sør, vart det risikabelt. Johanne Severine kulsar ved tanken.

Ei sky sig framfor sola slik at skuggen fell i fjorden. Ei vindfloge har teke fart på bleike snøbrear og enno islagde vatn langt inne i Riksheimdalen, for ho gufsar kald og rå over Reset og ned over Remane. Vinden ruskar i gammalt halvrotne høy, og dreg daud dumbe og vise lauv opp i veret. Gamlekona på eitt av bruka på Sørestranda døydde føre veka. No brenn

sundet mellom holmen og neset. Komne ut for land eit stykke, tek ein mann til å heise seglet. Den andre ror mot veret for harde livet. Men no tek vinden tak i båten for alvor. Farkosten driv i retning av fjellveggen nord for neset. Dei på Storetua vågar knapt å puste. Det kvitnar i ein seglduk på veg opp masta. Men så kjem ei trollhare brytande, flo sender færingen og karane med stor fart opp i sleipe, stupbratte steinveggen. Ås-folket meiner å sjå noko som flyt i sjøen ei stund, men kva det er, veit dei ikkje. Det går ein indre kulde gjennom alle. Systrene skrik høgt. Broren prøver å roe dei ned. Då vert syskena var



Teikning: Lars Peter Dahle.

dei likhalmen etter henne nede i fjøra. Vindfloga syg med seg den seige og søtsure røyken frå halmbålet før ho spyr alt innhaldet utover dei i båten. Johanne Sevrine og Maria kaldhutar. Ein lushegre lyfter seg frå knappaste Tjønaset og skrik sårt og skjerande stygt mot svartska over Trollkyrkja, før beistet med sorgtunge, saktmodige vengjeslag baskar seg i retning mot Stavestranda. Johanne Severine pakkar kledda tettare til kring seg og minstejenta.

Du ser Flisneset frå Åsen. Avstanden er under ei mil. I uversdagar speidar gjerne Åsfolket i uro og otte mot nett dette punktet. Meir enn ein gong har dei sett båtar kollsigle og menn kave for livet i den frådande fjorden. Slik vart det også ein skytung sein-haustdag for to år sidan. Far og Kaghols-Hans var ventande att frå ein handledur til byen. Han skola og bles ein stiv kuling frå sørvest. Dei kunne sjå kor det kvita i båretoppene. Alle i Åsen hadde gått og glytt mot Flisneset heile morgonen. Rett over middag hende det: Dei ser ein båt komme roande i stor fart ut

mor si, ho Ås-Marit. Og det biletet brenn seg fast i hugen deira for alltid: Den sterke, men ikkje lenger heilt unge kvinna seier ikkje eitt ord medan dramaet ved Flisneset spelar seg ut. Andletet hennar er likevel drivande kvitt. Utan at Marit har vore klar over det, har hendene hennar tvinna og tvinna og rive i det store svartruta plagget ho hadde kring seg. No er det dyre kledet mest øydelagt. Berre filler er att. Sa levande var ho med i dødskampen til båtfolket der ute på den frådande fjorden. Då ho sansar kva ho har gjort, ser ho sorgtungt på borna og går så som i ørske tagal og med bøygd hovud mot den vesle, fattige plassmannstova.

Dagen etter fekk dei vite det sikkert. Det var som dei hadde ottast. Det var båten til faren og Kaghols-Hans. Hans klarte å halde seg flytande på to årer. Men far bleiv. Hans fortalde seinare kva som hadde hendt. Dei hadde lenge lege bak Flisneset og vurdert veret. Det bles, men ikkje verre enn dei ville prøve. Dette hadde dei då gjort så mange gonger før! Men

vinden hadde vore friskare og meir frå sør enn dei hadde rekna med. Johanne Severine turkar stille ei tåre. Far hadde alltid vore så snill. Støtt hadde han hatt med små gåver til henne når han kom frå turane sine. No kom han aldri att meir. Og Lars Bernt vart nett på same måten. Det var berre sjøen med han og. Han kom vel til å fare ei uferd han med. Ho kjende ei isande redsle i bringa. At han ikkje kunne bli gardbrukar og gje seg til på landjorda som anna folk. Det var det ho ynskde seg mest av alt.

Det var ikkje berre med lett hjarte Lars Bernt reiste frå Åsen. Både han og huslyden hans hadde hatt ei god tid der. Svigerforeldra hadde delt alt dei hadde med ungefolket, og gjort det dei kunne for at han skulle trivast. Og no når far til Johanne var borte, var det meir bruk for Lars Bernt på Storetua enn nokon gong før. Og då reiste han. Han måtte berre, men der var noko underleg han ikkje likte likevel. Han kunne berre ikkje setje ord på det. Han merka det til dømes når dei var til kyrkjes. Det var som om han ikkje eksisterte for somme av sjølveigarane. Han kjende det når han var nedi Auregarden og handla med. Det var ei kjensle av å vere usynleg for somme. Då var det annleis når dei rodde fiskje. Frå kyndelsmesse til marimesse var det han som var sjefen. Og Lars Bernt ville helst ha det slik støtt. Han var ingen plassing! Han var nest eldste sonen frå Larsgarden på Erstad. Lars Bernt hadde sett seg føre at husmannstilveret ikkje skulle vare lenge. Fyrst hadde han prøvt seg som brukar i Åsen. Moster og mostermann til Johanne Severine flytte frå Åsenbruket og ned til Grebstad. Lars Bernt fekk bygsle bruket mot å svare pliktene i ei kårkontrakt. I tillegg kom spørvepengane for bruket til Nils Roald. Det haddde blitt betre med husvære då dei flytte inn på bruket. Men avgiftene var ikkje lette å klare. Dei hadde berre vore der i to år då Lars Bernt tok avgjerd om å reise frå Åsen for godt. Og det baud seg eit høve. Utover 1870-talet var det skrale tider i fisket. Mange fekk vanskar. Ein av dei var han Pe-Bastian på Riksheim. Han som andre hadde mange munnar å mette. Det enda med at han selde frå største delen av bruket i 1883. Gjere-Jens hadde fått kjøpt hovuddelen av bruket. Men Pe-Bastian fekk fyrst fråskylddelt to småbruk på nordsida av Riksheimelva: Kjerane og Slettereiten. I Kjerane hadde Bastian reist ei tømmerstove som han hadde kjøpt på Blakstad. Han hadde og bygt seg ein liten driftsbygning. Men no, ti år seinare, hadde heile huslyden flytt til Jørngarden på Hjortdal. At folk kunne finne på å flytte så langt frå sjøen, var eit uutgrunneleg mysterium for Lars Bernt.

Det hadde vore Karlesfarbror som hadde fått kjøpt dei to småbruka av Pe-Bastian i 1891. Farbror hadde til då bygsla Slettereiten. Men Karlesfarbror trong pengar til handelen, og selde Kjerebruket til Inger Erstad for 1350 kr. Lars Bernt kunne kjøpt Kjerane den gongen, men han hadde ikkje pengar. Han tinga


likevel med Inger, og han hadde no fått bygsla plassen. Kanskje det vart handel om nokre år? Kunne Lars Bernt få kjøpt Kjerane, vart han sjølveigar, og det var noko heilt anna enn å vere plassing. Småbruket er ikkje så stort, men flatt som ei pannekake og lettdrive. Og brenntorv er der i massevis oppe på myrane. Det likaste var likevel den stutte fråstanden til sjøen. Nett det hadde vore ei sann plage borte i Åsen. Det tok ei ævelengd å gå frå Storetua og ned i naustet, og endå lenger å gå bratte mobakken opp att. Særleg tungt var det å bere heimatt fisk og andre varer. Seinhaustes og midtvinters var det svært plagsamt i mørkret. Og var det djupsnø i tillegg, var alt dobbelt verre. I Kjerane derimot, låg stova berre to steinkast frå stoa. Her var det skyldfolk i alle tun, både på Erstad og Riksheim. Lars Bemt var sjølvskriven på Storenotlandet. Faren, broren og grannane brukte årvist å reise på sildefiske; i dei gode sildeåra jamvel sør om Stad. Slikt kunne det bli pengar av.

Og om fisket slo feil, kunne han tenkje seg å ta ein tur over Atlanteren. Småbruket kunne kanskje kona og borna ta seg av nokre år? Brørene til Johanne Severine hadde nyst flytt til Amerika. For fire år sidan drog han Ole. Han for fyrst til Minneapolis. Han arbeidde så på ein gard i Blue Eart i Minnesota. Så flytte han til Nord-Dakota og tok seg jord der. Farmen hans er på heile 240 «eikers». Og ein «eiker» tilsvara godt fire mål, hadde Ole skrive. Då måtte bruket vere snart tusen mål! Halve Sykkylven mest. Eit eventyr av eit bruk. Eit halvt kongerike! Noko anna det enn desse pissebøtene av nokre åkerreiter sjølveigarane her omkring rølte av. Så snart den andre broren, han Vesle-Jens, var konfirmert, hadde han reist over til Ole. Storebroren hadde betalt reisepengane med dampbåten fiks kontant. Lars Bernt hadde hatt umåteleg lyst til å bli med. Men Johanne Severine hadde ikkje hug å reise så langt vekk frå mora. Dessutan var det ikkje så beinsmia å fare medan borna var så små, og alt medan nye dukka opp annakvart år. Men, kjem tid kjem råd. Skya over Troll-kyrkja er ikkje meir. Sola strålar på nytt lag klår og høg over kvite tindar.

Lars Bernt kviler litt att, blinkar til kona ein gong til og smiler lurt i det raude skjegget, medan han tek seg ei ny skrå og ser tenksamt på dei bak i båten. Så legg han seg på nytt lag på årene og ror med seige sterke tak mot målet på andre sida av fjorden.

Dette er historia om Inga Grebstad frå Sykkylven som gjennom heile sitt vaksne liv hjelpete og lækte folk som hadde skadd ledd eller had de andre skavankar i hender eller føter.

Øystein Eliassen har skrive historia hennar. Han er no pensjonist et ter mange år som likningssjef i Sykkylven. Han har også ei lang kommune- og fylkespolitisk karriere bak seg og var ordførar i Svkkylven frå 1970-75.



Øystein Eliassen

Naturlegen Inga Grebstad (1897-1968)

Av Øystein Eliassen

Inga Grebstad var fødd på Vigra 24.november 1897. Faren, Hans Fauske, var frå gardsnummer to, bruksnummer fem i «Løypeplassen» i Sykkylven. Som mange andre, reiste han til øyane på fiske. Han gifta seg med Petrine Kjørstad frå Lepsøya. Dei flytta til Vigra. Han kjøpte båt, dei bygde hus her og vart buande på Roald. Her vart Inga fødd og voks opp i ein syskenflokk på fem.

I 1918 gifta Inga seg med Johan A. Grebstad frå Sykkylven. Han reiste til USA i 1924 medan Inga og borna budde på Vigra. Etter at han kom heim i 1929, reiste dei til Sykkylven og kjøpte gardsnummer sju, bruksnummer tjue, «Bastiangarden», på Grebstad, der dei budde resten av livet.

Tok til i tjueåra

Eg veit ikkje sikkert kva tid Inga tok til med lækjedommane sine, men eg veit at ho hjelpete folk i midten av 1920-åra. Det kunne vere ei hand eller ein fot som hadde gått ut av ledd. Inga masserte den sære plassen og trykte leddet på plass att. Det var ikkje nok med ei behandling. Ofte kom pasientane att fleire gonger, somme etter at dei hadde vore uforsiktige og fått skade på nytt. Inga tok aldri betaling for arbeidet.

Inga Grebstad hadde ikkje noko slags legeutdanning. Det ho kunne, var medfødt. Ho var også svært interessert i ville planter som ho kunne bruke til medisin. Ho måtte ha ei kraft i hendene. Når ho ein sjeldan gang heldt opp ei stund, verka det slik på den første pasienten etter opphaldet, at han vart kvalm. Somme kasta opp.

Inga vart etter kvart kjend for dette arbeidet sitt. Det kom stadig fleire for å få hjelp. Og dei kom til alle tider, søndagar og kvardagar, sommar og vinter. Ho måtte ofte forlate husarbeidet og gardsarbeidet for å hjelpe folk som hadde det låkt. Pasien-

tane kunne komme køyrande til Grebstad med hest eller bil og kunne fare derifrå med hender og føter i orden. Inga sette på plass att ledd i anklar, kne og hender. Sjølv kjeveledd greidde ho å få på plass.

Gjekk heim

Det er uråd å fortelje om alle som vart behandla.

Her skal eg ta med berre nokre få døme:

På ferja til Sykkylven kom ein person som var så skadd at han måtte køyrast på land. Etter behandlinga hjå Inga, gjekk han sjølv om bord att i ferja (fortalt av skipperen på ferja). Ein mann frå Sykkylven hadde ei sterkt skadd hand og vart send på sjukehuset. Der ville dei amputere handa. Mannen sa at det kunne han ikkje gjere, av di han hadde revegard heime og måtte fort heiman. På vegen møtte han ein mann som han kjende og fortalde om handa. Kjenningen spurde då om mannen ikkje ville gå til Inga. Og det gjorde den skadde. Inga brukte å seie frå dersom ho meinte at ho ikkje kunne hjelpe. Ho sa at det vart mykje arbeid. Då rann tårene av mannen. Ei av døtrene til Inga som høyrde samtalen, bad om at mora måtte hjelpe. Det gjorde Inga. Ho greidde å berge handa, og mannen kunne bruke den både på gard og fabrikk resten av livet.

Berga handa

Etter at Inga var blitt sjuk, kom ekteparet Henny og Knut Lødemel frå Velledalen til Inga med ei fem vekers gammal jente som var blitt skadd ved fødselen. Jenta hadde både skulder, olboge og handledd ute av ledd. Handa låg slapp og tynn ned ved sida. Barnet hadde sutra og gråte mykje. Foreldra snakka med mannen til Inga, Johan A. Grebstad. Han lova at dei skulle få kome att dagen etterpå. Dette var i januar 1965.

Inga gav jenta behandling første tida to gonger for veka, og alt etter ei av dei fyrste behandlingane, slutta jenta å sutre og gråte, og la seg til å sove.

Inga måtte arbeide mykje med ein veslefinger, før ho fekk blodsirkulasjonen i gang der, Ein gong jenta låg heime etter ei behandling, løfta ho plutselig handa for fyrste gong. Dette var stort for foreldra. Etter å ha fått behandling i vel to månader, var handa bra. Foreldra fortel at når Inga og ektemannen var ute og køyrde bil, kom dei ofte opp og studerte jenta. Av og til fekk ho litt behandling for småting som hadde kome til, til dømes etter leik. Dersom jenta ikkje hadde fått hjelp av Inga Grebstad, hadde ho truleg ikkje hatt handa i dag, sa foreldra til barnet.

Av di Inga hadde greidd å berge handa, sette foreldra så stor pris på dette at dei kalla barnet opp att og gav henne namnet Kit Iren.

Etter folkeskulen tok Kit Iren pianoundervisning i fire år hjå Jenny Tynes i Sykkylven. Så gjekk ho fire år på musikkonservatoriet i Oslo. Ho vart yrkesmusikar, har reist med Riksteatret og har hatt fleire oppdrag andre stader i landet.

Det var ikkje berre sykkylvingar som kom til Inga for å få hjelp. Dei kunne komme både frå by og land og utland. Det hende også at ho måtte reise til pasientar for å hjelpe, men som oftast tok ho imot dei i heimen, der det kunne vere så mange på ein gong at det vart kø. Det kunne komme både ti og femten på ein dag.

Brende bøkene

Det er vanskeleg å seie kor mange ho hjelpte. Ei tid førte ho liste over personar, men då tyskarane under krigen tok til å undersøkje husa, fann ho det rettast å brenne bøkene. Inga dreiv arbeidet sitt til ho vart sjuk. Når ein reknar frå midten av 1920-åra. må ho ha hjelpt tusenvis av menneske.

Seinare tok ho til å føre ei ny bok som er teken vare på. Dette er ikkje noka timebok. Namna vart innførde etter minnet på slutten av dagen, eller dagen etterpå. Det er ikkje alltid ført årstal i boka, så det er uråd å føre nokon statistikk for einskilde år. Men boka gjev likevel eit godt bilete av kvar pasientane kom frå. Mange pasientar var der fleire gonger, men er innførde berre ein gong. (Eg var der mange gonger, men er ikkje innført i boka, då eg vart svigerson i huset).

Av dei som er innførde i boka, var 537 frå Sykkylven, 255 frå Ålesund, 858 frå andre grannekommunar, 20 frå Nordfjord, 29 frå Romsdal og 50 frå andre stader, m.a. frå utlandet.

Legane godkjende som regel ikkje det arbeidet ho gjorde. Men etter at ho vart sjuk, kom ein nyutdanna lege utanbygds frå og prata med henne. Men då var det for seint til at ho kunne fortelje om, og aller minst syne det ho kunne. Ein lege innan fjorden sende likevel pasientar til henne.

Det arbeidet ho gjorde, trur eg tok meir på enn vi var klår over. I 1967 såg vi at ho skrantar mykje. Seinare fann legane ut at ho hadde kreft, og denne sjukdommen gjorde at ho måtte slutte å hjelpe folk. Inga vart skral sommaren 1967, og den 26. januar 1968 døydde ho i

heimen sin på Grebstad, 70 år gammal. Det kom brev om hjelp etter ho var død.



Inga Grebstad fotografert utanfor gamlehuset på Grebstad. Her hjelpte ho mange som var plaga av vanhelse. Menneske som ikkje kom nokon veg med tradisjonell legebehandling, kunne ho sende heim friske og rørige.

Pasient-takk

Til slutt tek eg med eit dikt som ein av pasientane skreiv til henne. Det syner kor takksame dei kunne vere:

Dere husker vel kanskje en skrøpelig en,
som kom opptil gården med haltende ben,
men turen ble ikke mislykket hos Inga,
nå atter på foten så lett jeg meg svinga.


Å være en husmor, det har nok sin plikt,
og krever omtanke og god innsikt.
Men den som tross alt kan tjene sin næste,
han eier en dyd, som feiler de fleste.

Så vil jeg nå ønske tillykke med dagen!
Tillykke med virket, som er hovedsagen!
Og skulde et uheld oss støte til,
så vet vi at Inga både kan og vil.

En liten erindning jeg gjeme vil bringe,
forsmå ikke gåven, om enn den er ringe,
ta imot den som takk, og det kommer av hjertet,
og tenk så tilbake på Stordal og Berthe.

Folket i Sykkylven opplevde ikkje direkte krigshandlingar under andre verdskrigen, men også her i bygda fekk dei oppleve mange av krigens harde realitetar på kroppen. Det var varemangel og uvisse, kommisarisk styre og streng informasjonskontroll.

I løpet av krigen vart det etablert ei avdeling av heimestyrkane i Sykkylven. Dei skulle etter 8. mai 1945 sørge for at overgangen til eit demokratisk, norsk styre gjekk mest mogeleg smertefritt. Leonhard Hole var sjølv med i heimestyrkane i Sykkylven, og fortel her korleis han hugsar skiftet frå krig til fred. Leonhard Hole var grunnleggjar og mangeårig disponent for møbelverksemda Hole & Lillebøe. No er han pensjonist.



Leonhard Hole

Heimestyrkane i Sykkylven under 2. verdskrigen

Av LEONHARD HOLE

Då andre verdskrig slutta i Noreg, den 8.mai 1945, var her ei avdeling av heimestyrkane på 17 mann i Sykkylven. Alle hadde fått øving i våpenbruk. På heile Sunnmøre, medrekna Ålesund, utgjorde heimestyrkane 759 mann. Desse stod klare til aksjon for å sikre eit best mogleg skifte frå krig til fred. I heile landet utgjorde heimestyrkane 45.000 mann. Ved krigens slutt stod det ein tysk hær på 350 000 topptrerna tyske soldatar som venta på invasjon frå dei allierte styrkane i vest. Heldigvis vart vi sparte for invasjon og krigshandlingar ved slutten av krigen i Europa.

Siste krigs vinteren. 1944-45, vart heimestyrkane meir effektivt organiserte av den militære leiinga i London. Norske og britiske offiserar vart sentrale leiarar. Det kom mykje våpen frå England med båt eller fly over Nordsjøen. Våpenbruk vart innøvd av mange spesialistar, både engelske og norske. Etter invasjonen i Frankrike i 1944, fekk heimestyrkane i Noreg ordre frå Sentralleiinga i London, om å halde seg strengt rolege. Hovudoppgåva var å verne landet mot tyske herjingar under ein mogleg tysk retrett eller evakuering, halde vakt ved kraftstasjonar, hamner og sambandslinjer. Men framfor alt var oppgåva å oppretthalde ro og orden.

Øvste leiar for Heimestyrkane i Møre og Romsdal var Helge Hagen, Ålesund og nestleiar Rolf Ranes, Ålesund. Både desse var på den tid kjende idrettsmenn.

På fredagen den 8. mai 1945 fekk alle heimestyrkane i Sunnmøre denne kunngjeringa frå den nyinnsette politimeisteren:

Kunngjering

Fienden har kapitulert

Nordmenn skal atter styre landet efter norsk lov og gjenreise det frie folkestyre.

Kongen og regjeringen har pålagt undertegnede menn midlertidig

å utøve den øverste civile, politimessige og militære myndighet.

i Ålesund og Sunnmøre inntil ordinere myndigheter kan tre i funksjon.

Vi har i dag begynt vårt arbeide:

1. Alle embeds og tenestemenn ansatt av NS myndigheter blir fjernet.
2. Væpnede nazister blir avvepnet,
3. Krigsforbrytere, angivere og aktive medlemmer av NS blir fengslet.

De midlertidige myndigheter trenger hjelp og støtte av hver norsk mann og kvinne for å løse de store og vanskelige oppgaver som foreligger. Alle nå derfor rette seg lojalt efter de kunngjøringar og bestemmelser som myndighetene utferdiger.. Det gjelder nu å vise i gjerning at vi er verdige til virkeleg frihet.

Pålegg til befolkninga.

Alle må opptre med verdighet og omtanke. Det er ytterst av viktighet å opprettholde ro og orden.

Ingen må ta seg selv til rette. Selvtækt og lynchjustis er mot loven.

Den som bryter loven er selv straffeskylldig. Et hvert forsøk på sjølv-tækt vil bli søkt hindret med alle til rådighet stående midler.

Det er straffbart å fjerne eller skade gjenstander, redskaper, inventar o.l.

Alle skal forsette i sitt arbeide såsant dette er mulig. Dette gjelder

inntil videre også for dem som arbeider på anlegg som har vært drevet av tyske myndigheter.

Befolkninga skal holde seg på av stand frå tyske soldatar.

Militære anlegg, leire, depoer, m.v.som tyskerne har forlatt er statens

eigedom. Det er straffbart å fjerne eller skade gjenstander, redskaper, inventar

og liknande..

Alle skal forsette i sitt arbeide så sant dette er mulig. Dette gjelder inntil

videre også for dem som arbeider på anlegg som har vært

drevet av tyske myndigheter.

Parolen er: Verdighet- Ro Disiplin.

Brunt armbind med norske flagg.

Politiet har til kjennetegn:

Brunt armbind med norske flagg.

og hvitt armbind påtrykt Politi i sort.

THEODOR BERG.

Midlertidig ordfører

H.TH. MEINICH.

midlertidig

politimester

Sentralledelsens representant.

HELGE HAGEN.

Sjef for hjemmedstyrkene

i fylket.

Fasimile av kunngjeringa 8. mai 1945.

Kunngjoring.

Fienden har kapitulert.

Nordmenn skal atter styre i landet efter norsk lov og gjenreise det norske folkestyre. Kongen og regjeringen har pålagt undertegnede midlertidig å utøve den øyerste civile, politimessige og militære myndighet i Ålesund og på Sunnmøre inntil ordinære myndigheter kan tre i funksjon. Vi har i dag begynt vårt arbeide:

1. Alle embeds- og tjenestemenn ansatt av NS myndigheter blir fengslet.
2. Væpnede nazister blir avvæpnet.
3. Krigsforbrytere, angivere og aktive medlemmer av NS blir fengslet.

De midlertidige myndigheter trenger hjelp og støtte av hver norsk mann og kvinne for å løse de store og vanskelige oppgaver som foreligger. Alle må derfor rette sig lojalt efter de kunngjoringer og bestemmelser som myndighetene utferdiger. Det gjelder nu å vise i gjerning at vi er verdige til virkelig frihet.

Pålegg til befolkningen. Alle må opptre med verdighet og omtanke. Det er av ytterste viktighet å oppretholde ro og orden. Ingen må ta sig selv til rette. Selvtækt og lynchjustis er mot loven. Den som bryter loven er straffskyldig. Ethvert forsøk på selvtækt vil bli søkt hindret med alle til rådighet stående midler. Våpenstilstanden må respekteres. Befolkningen skal holde sig på avstand fra tyske soldater. Militære anlegg, leire, depoter m.v. som tyskerne har forlatt er statens eiendom. Det er straffbart å fjerne eller skade gjenstander, redskaper, inventar o.l. Alle skal forsette i sitt arbeide såsant dette er mulig. Dette gjelder inntil videre også for dem som arbeider på anlegg som har vært drevet av tyske myndigheter. Parolen er Verdighet-ro-disiplin.

Norske hjemmestyrker har til kjennetegn
Brunt armbind med norsk flagg.

Politiet har til kjennetegn:
Brunt armbind med norsk flagg og
hvitt armbind påtrykt Politi i sort.

THEODOR BERG
midlertidig ordfører

H.TH. MEINICH
midlertidig polilimester

HELGE HAGEN
Sjef for hjemmestyrken i fylket.

F. CASPERSEN
Sentralledelsens representant.

1 samsvar med denne kunngjeringa sette heimestyrkane i Sykkylven i gong arrestasjon av alle innskrivne medlemmer av Nasjonal Samling (NS) i kommunen. Desse vart først internerte på Sykkylven Hotell, og deretter sende til Ålesund. Dei fekk så sin såkalla landsvikdom som måtte sonast.

Overgangen frå krig til fred må ein seie gjekk greitt utan større øydeleggingar. Det var nok desverre nokre triste hendingar før alle tyske soldatar vart av-vepna og sende attende til Tyskland.

Desse var med i heimestyrkane frå Sykkylven: Jens L. Aure, Ole C. Brunstad. Karl K. Blindheim, Asbjørn Fredriksen sen., Peder L. Fauske, Nils Roald, Sigfred Blindheim, Lars Wik, Karstein Oddmund Vik, Harald Aurdal, Petter S. Aure, Leonhard Hole, Fridtjof Fredriksen, Martin Sandal, Leif Brunstad. Hjalmar Blindheim, Bernt Tandstad.

Leiar for heimestyrkane i Sykkylven var Bernt Tandstad (fenriks grad). Nestleiar Hjalmar Blindheim (sersjants grad).

Begge desse hadde si militære utdanning frå før kriggen ved 5.div. Underoffiserskulen i Trondheim.

Dei fem krigsåra Noreg var hærsett og tok del i kriggen, var ein svært trist epoke i vår historie. Lat oss vere på vakt og gjere alt som står i vår makt til å hindre nye krigskatastrofer. Lat oss aldri gløyme å minnest våre falne desse åra. Heile 9.508 nordmenn miste livet. Av desse tilhøyrdde 2000 dei væpna styrkane, 3638 handelsflåten, 2091 motstandsfolk og 1179 sivile. Av motstandsfolka vart 366 avretta av tyskarane, 162 fall i kamp, 130 miste livet i norske fengsel og konsentrasjonsleirar og 1340 omkom i tyske leirar. 83 personar omkom under flukt til England. Dessutan omkom ein del nordmenn som frontkjemparar i tysk teneste.

Fredsdagen 8.mars 1945 har 50-års minnedag i 1995. Det vert ein stor minnedag som heile Noreg skal ta deli.

Hotel Søndmør var eit landemerke og ein samlingsstad i Sykkylven for meir enn hundre år sidan. Martin Furseth har skrive denne artikkelen. Han er oppvaksen i Sykkylven og bur no i Ørsta, der han driv i databransjen. Han arbeider mykje med lokalhistoriske emne.

Hotell Søndmør - eit 125-års jubileum



Hotell Søndmør og Lxmggdrd i framgrunnen. Bak ligg Berli-huset og Berli-løa.

For å finne ut korleis dette huset kom til, må vi 125 år attende i tida, til året 1869. Klokkehaug i Sykkylven var då knutepunktet for all samferdsle i bygda. og ein gamal handelsstad. I Haubukta var det gode hamnetilhøve for lasteskutene og føringsbåtar vart nytta for å frakte varer til og frå land.

To karar, Lars Olsen Haugset og Karolus Knutsen Nakkegjerd, begge i byrjinga av tjue-åra, gjekk saman for å starte næringsverksemd. Dei var nærskyldige; mor åt Karolus. Anne Knutsdotter på Nakkegjerd, var truleg Lars si mormor! Året før hadde dei bygsla eit jordstykke i Haubukta og på denne tomte sette dei opp det huset som seinare vart kalla Hotell Søndmør eller berre «Gamlehotellet». Som ein kan sjå av biletet, var huset på to fulle høgder og det var stort og staseleg for den tid å vere. Dei hadde vel helst eit slag sameige i huset og Lars dreiv handelsverksemd i den eine enden medan Karolus budde, og dreiv skredderi, i hin enden. Men etter berre få år kom dei i økonomiske vanskar og i 1875 kom huset på sal og vart kjøpt av Jordmor-Bastian på Aure (Myre-plassen).

Lars vart kalla Bøkke-Lars og far hans eigde Bøen (Bakken) på Haugset. Far og son lånte 800 spd (omlag 3200 kr) i 1869 med pant i garden, og ein må tru at mykje av disse pengane vart brukte til å byggje huset i Haubukta. Då dei økonomiske vanskane kom, greidde dei ikkje den tunge skulda og garden på Haugset vart seld på auksjon. 800 spd var ikkje nett nokon liten sum i den tida då 100 spd. var ei vanleg årsinntekt for ein gardbrukar!

Då Karolus flytta til huset i Haubukta tok han namnet Klokkehaug og om han er det nemnt at han var skreddar, lakseoppsynsmann og emissær. Karolus var ein gløgg og evnerik kar og hadde godt lag med folk. Han kom med i den religiøse vekkinga i Sykkylven på denne tida og var leiar for «lesarflokken» etter at Lars Steinsvik (Sjurs-Lars) døydd i 1880. Karolus kjøpte seinare Nilsplassen, bnr. 9 på Indre Fauske, der han døydd i 1908.

Edvard Bastian Jakobsen Aure (f. 1826 d. 1910) vart kalla Jordmor-Bastian av di kona hans, Birgitte Skjetlein var jordmor i Sykkylven. Ho var mor til den

kjende norskamerikanske presse mannen Nikolai Grebstad. Jordmor-Bastian var skreddar, men dreiv og eit lite småbruk, og han var ein allsidig og framsynt mann for si tid.

Jordmor-Bastian leigde ut eigedomen til Martin Kristensen frå Lånagarden på Vik. Han heldt fram med handelsverksemda og hadde og bakeri. Kona hans, Berit Iversdtr. Eikrem frå Bolsøy (1863-1932), byrja med hotell drift og truleg var det då huset fekk namnet Hotell Søndmør. Ein liten raritet: det same namnet vart og nytta på eit hotell som vart bygt i 1891 på Bjørke i Hjørundfjorden!

Far til Martin var Låna-Kristen, den mektige bonden som på den tida åtte mest heile Vike-garden og som høyrde til i lesarflokken i bygda, til liks med Karolus Klokkehaug.

Det lange, lave huset framfor Hotell Søndmør på biletet, var eit anna særmerkt hus i Sykkylven i tida omkring hundreårsskiftet. Det vart kalla Langgård og var i røynda eit stort og langt naust med høge murar og eit høgt loft over. Dette «naustet» vart ofte nytta som forsamlingslokale; til dansetilstellingar, auksjonar og liknande, og ein kan vel kanskje rekne dette for det første samfunnshuset i Sykkylven. Det var truleg Martin og Berit Vik som tok huset i slik bruk, i tilknytning til hotell drifta.

Martin Vik døydd i 1901. På dei 32 åra som til då var lidne sidan huset vart bygt, hadde del skjedd store endringar i Sykkylven. Handelsstaden hadde flytta seg til området der Aure-kaia no ligg, og dei første industriverksemdene hadde teke til å vekse fram. Folketalet i Sykkylven hadde auka til omlag 2300 innbyggjarar. Eit nytt hotell. Hotel Søkkelven, kom i drift omkring århundreskiftet.

Korleis Hotell Søndmør vart nytta i dei første åra etter 1901, er noko uvisst, men etter at Jordmor-Bastian døydd i 1910, vart eigedomen kjøpt av Ole T. Lied frå Liabygda. Han kom frå Stordalen og hadde truleg i tankane å byrje med konfeksjonsfabrikk i huset. No vart det til at han i staden kjøpte eit hus som Andreas Furseth hadde bygt i 1907, det huset som seinare vart heitande «Lied-huset» på Aure. Truleg vart del då gjort eit «byte-kjøp», for Andreas Furseth overtok samstundes «Hotell Søndmør».

Han flytte dit, mest truleg i 1911, og første høgda i huset nytta han til konfeksjonsfabrikk. Han kom frå Stranda i 1900 og hadde då byrja den førsle konfeksjonsfabrikken i Sykkylven. I dei åtte-ni åra han heldt til i «Hotell Søndmør» utvida han verksemda monaleg, og han hadde jamnast 15-20 personar i arbeid i denne tida.

Nokre av dei tilsette hadde hyblar i øvste høgda, og der budde og Andreas Furseth og huslyden hans. Frå

før hadde Andreas Furseth to born; Bjarne (f. 1905) og Borghild (f. 1909) og medan han budde, i Hotell Søndmør kom dei tre neste borna til verda; Leif i 1911, Paul i 1913 og Olav i 1915. Den yngste i syskenflokk. Ola, vart fødd noko seinare (1923). Men Andreas Furseth miste og kona si, Beate Ringset frå Liabygda, i dette huset. Ho døydd i 1918 av spanskesjuka som då herja i bygda.

I dei første industriverksemdene var det ikkje uvanleg at dei tilsette hadde kosten hjå arbeidsgjevaren, slik ordninga var på gardane, og Beate Furseth kokte og laga mat til nokre av skreddarane i fabrikk. Frå kjøkenet kunne ein gjennom eit hol i eit golvbord, sjå ned til dei som sal og sydde, og når middagen var ferdig bad ho gjeme ein av smågutane om å legge seg ned på golvet og rope ned gjennom dette holet, at dei kunne kome opp for å ete.

Alt på denne tida var huset gamalt og heller utett. Det vert fortalt at om vintrane kunne det verte utriveleg kaldt i verkstaden og stundom kom snøfillene fykande inn gjennom dei gisne tømmerveggane.

I 1920 bygde Andreas Furseth nytt hus på Klokkehaug og då selde han «Hotell Søndmør» for flytting til Borgund.

Det var skipper og reiar Ole J. Vegsund som kjøpte huset og røyste det opp att ved Vegsundet. og han nytta det i mange år som sjøbud. Seinare kom huset i bruk til møbelfabrikk. Først dreiv Brødrene Helset der. men elter ei tid slutta dei med verksemda og reiste til Brumunddal der dei starta Møbelutsalget i 1947. Truleg året før (1946) vart eigedomen kjøpt av Jon Lervåg og nokre andre karar som då starta Møbelfabrikk Kvalitet AS. Dette selskapet vart nedlagd nokre år seinare, men i 60-åra vart det på ny møbelfabrikk i huset då Jon Lervåg starta opp att verksemda under namnet Kvalitetsmøbler AS. I 1973 flytta fabrikk til andre lokale og huset var nytta til ymse føremål nokre år.

Huset står framleis ved Vegsundet. under Vegsundbrua, og er i dag eigd av Jon Inge Lervåg. I dei siste åra har han leigd det ut til eit selskap som driv marina og slipp for småbåtar.

Kjelder
Industrisoge for Sykkylven (Eldar Høidal)
Gardssoga for Sykkylven
Sykkylven kommune Sykkylven kyrkje 1883-1983 (JonHole)
Fylkeshistorie for Møre og Romsdal, band 2
Vårløysing, 2. band (Oscar Handeland)
Vi reiser med «Brand» (Bernt Fauske)

Opplysningar frå:
Paul Furseth, Margrete Utgård, Paula Vegsund, Inga Lervåg og Jon Inge Lervåg.

Husel på Klokkehaugen, eller Berlihuset som det blir kalla etter han som let byggje det, stod ferdig i 1904. Til alt hell for familien Børre Berli var huset faktisk nettopp ferdig då bybrannen braut ut i Ålesund same året, slik at heile huslyden kunne flytte inn der. Men eigedomen Klokkehaugen har sjølvstøtt ei mykje eldre historie.

Huset på Klokkehaugen

Av INGJERD ASBJØRNSSEN

Klokkehaugen vert fyrste gongen nemnd i historiske kjelder i 1536. Då vart reformasjonen gjennomført i Danmark-Noreg, og den danske kong Kristian III la denne garden i Sykkylven under seg saman med kyrkja og anna jordegods som hadde tilhøyrd kyrkja. Omkring hundre år seinare kom den meir kjende kong Kristian Kvart i pengeknipe. Han pantsatte då både kyrkja, Klokkehaugen og anna jordegods til nokre rikmenn i Bergen.

I 1660 måtte han selgje det heile til ein magister i Bergen. Peder Nilsen Lem.

ske hæren, og då regimentet hans var i keisarleg teneste i Ungarn, utførde han ein særstapp innsats. Som takk for dette vart han m.a. sjef for Nordre Søndmørske Kompagni. Røhmer busette seg på Klokkehaugen og fekk seg ei norsk kone. Han hadde jorda fyrst på bygsel, men kjøpte ho i 1721. Han bygde eit stort nytt hus med loft og ark. Huset skal ha hatt fire stover på rad, med jarnkakkelomn i kvar - eit staseleg hus for ein høg offiser. Dessutan hadde eigedommen ei rekkje større og mindre driftsbygningar. Røhmer dreiv eigedomen som eit mønsterbruk, og sykk-



Berlihuset slik del står i dag.

20 år etter var eigedomen Klokkehaug eigd av borgundpresten C.P.Hiermann, som var gift med ei rik og mektig kvinne, Margrethe I Hanken. Ifølgje vår kjelde eigde ho gardar i «alle bygder» og styrde dei gjerrig og med fast hand.

Det er tydeleg at Klokkehaugen, som då var ein mykje større gard, var vurdert som ein attraktiv eigedom.

Den neste særmerkte eigaren var den tyskfødte major Carl Friedrich Røhmer. Han tilhøyrdte den dan-

ylvsbøndene fekk på den måten kunnskap om «moderne» gardsdrift, slik majoren hadde sett det i mange av landa han hadde vore i. Den seinare historikaren Hans Strøm skreiv om Klokkehaug-garden:

«På denne gard ser man elles de udugeligeste myre forvandlede til den skjønneste eng og mangfoldige veiter andlagde som tiene ei alene til at bortlede det kolde vand, men og til at motdtage fiskesloe (det er hoveder og involde af torsk og andre fiskearter) hvis fedme siden ved hjælp av vandet føres og ledes fra et


sted til et andet, alt sammen ved hr. oberstløytnantens flid, som for et snes år siden boede her og satte gården med stor bekostning i den ypperste stand.»

Det var ikkje berre drenering og gjødsling, men også nye reiskap som sykkyllvsbøndene fekk lære om frå denne tyskfødde mannen. Med desse fylgde nye namn og nemningar som har halde seg i Sykkylven heilt til i dag, og som berre skal finnast her på Sunnmøre. Som døme nemner Fredrik Drabløs ordet «skeisekiste», som er namnet på ei mykravogn med tipp. I Tyskland heiter dette nettopp «eine Scheisekiste».

Seinare gjekk garden over på Røhmer sin stykkson, som eigde han med nokre avbrot til 1757. Omkring 1800 vart garden delt i tre bruk.

Den delen som vi kjenner til i dag, kom i Børre Berli sitt eige gjennom ekteskap med Elen Andrine Gurine Woldsdal, dotter av Knut Knutsen Woldsdal frå Voldsdalen i Ålesund. Børre Olsen Berli, fødd 1850 og død i 1932, var frå Valldal. I 1875 starta han kolonialhandel i byen, men gjekk seinare over til eksport av fisk. Han skal ha vore ein pioner i eksporten av isa sild til England. Han eksporterte også store mengder klippfisk til Spania og kveite og hyse til både Tyskland og England. Det nye våningshuset som han lot byggje, var eit særstykke i bygda då, og er det framleis. Tre etasjers trehus med ein brutto grunnflate på så mange kvadratmeter er ikkje kvardagskost. For familien Berli var huset i utgangspunktet bygd som ein stad der dei budde i feriane, sjølv om dei og dreiv garden på ein framifrå måte.

Også dette huset fekk fire stover og kjøken i hovudetasje og soverom oppe. I taka er vakre, grasiøse takmaleri i nyrenessanse. Det er grunn til tru at dei er måla av den kjende målaren Ole O. Ranheimsæter. Ranheimsæter tok utdanning som kunstmålar i København, og fungerte som takdekoratør m.a. på Fredensborg slott. Seinare drog han attende til Kristiansund, der han dekorerte dei herskapplege heimane til den nye «klippfisk-adelen» i byen. Børre Berli til-



Frå interiøret i Huset på Klokkarhaugen. (Foto: Eldar Høidal)

høyrdde same klassa. Maleria liknar i stil og teknikk. Så ein kan lett tenkje seg at Ranheimsæter måla taka i Berli-huset. Men heilt sikkert veit vi ikkje dette før det vert bekrefta av Nordmøre Museum. Dei nye eigarane i huset. Svein Asbjørnsen Produktdesign AS, arbeider med denne saka.

Det er heller ikkje kjent kven som var arkitekt og byggherre til det vakre huset. Det har i alle fall vore dyktige fagfolk. Då huset skulle restaurerast i 1988, var tak, veggjar og vindaug framleis «potte tett». Berre ein liten sprekk ved takluka på loftet hadde gjort skade på bygningen.

* Fredrik Drabløs: Om synske, sandkongar, smedar og andre sykkyllvingar.

Kjem du kongsvegen frå Søvikdal eller Straumgjerde og vil til Vartdal eller Volda, må du ta ferja frå Hundeidvik. Når du bilbåten, er det bra. Men er skipet mefjords med stø kurs for hi sida havet, medan du berre er byrja ned Andersbakken, er det leitt, men likevel å leve med. For då kan du stogge folkevogna eller limousinen alt ettersom, og sjå deg om i grenda. Og er du heldig, og det er du gjerne, møter du ein blid, breiskuldra bygdamann, ferdig med kvassaste ungdomsåra, men likevel alltid oppteken med eitt eller anna; måling, mjølking, gjerding, grøfting, garnbøting, langorvslått eller vedakløyving. I det heilt teke alt mogleg. I dag er det kanskje ei låvedør som skal målast.

Lars L. Utgard, 90 år

Om blandakor, bjørnejakt, fjordahandel, felespel og fisketurking

Av ROALD SOLHEIM

Lars L. Utgard er fødd i Hundeidvik i 1905. Han fyller nitti år 11. januar 1995. Larsnamnet har gått i arv. I fem ættledd har odelsguten her hatt dette førenamnet. Mor til Lars heitte Karen. Ho var frå Dyrkom. Faren dreiv landhandel i tillegg til jordbruk og fiske. Ved hundreårsskiftet sette han opp ei lita handelsbud der bedehuset står i dag. Fem år seinare sette han opp nytt bustadus i Schmidt-stil, ny løe og ei stor sjøbud. Siste bygningen står ikkje lenger, men dei to fyrstnemnde gjer, nyoppussa og staselege.

- Kvart hus far bygde kosta om lag 7000 kr. Det var mange pengar på denne tida, humrar Lars. Forretningsverksemda dekkja praktisk tala alle grenene i ytre Hjørundfjord like frå Standal og Strandabø. I tillegg kom heile Hundeidvik og brorparten av Barstadvika. Folket frå fjorden rodde eller segla til og frå Vika. Ikkje kvar dag rett nok, men fleire gonger for året. Det klarte dei seg med. Folk handla alt etter som dei hadde råd. Lars kan hugse ein mann som støtt handla for ti kroner. Andre handla for nøyaktig hundre kroner kvar gong. Så kom motorbåtane litt etter kvart. Dette førte til at det vart fleire om handelen på ytre Hjørundfjord. To brør frå Aursneset reiste mellom byen og fjorden med ulike varer. Etter kvart vart båtane større. Til slutt kom det store rutebåtar, eller dampar som dei gjerne vart kalla. Dei tok med både krøter og større gods. Desse båtane gjekk heilt inn til Bjørke. Hundeidvik vart dampskipsstoppestad, og Lars var ekspeditør i mange, mange år. Frå tida som ekspeditør av rutebåtane på Hjørundfjorden har Lars mange minne.

- Ein gong hadde mannskapet på dampen gløymt landgangen inne på Sæbø. Ei velvaksa dame frå Vika skulle til byen, men visste ikkje korleis ho skulle klare å kome om bord utan landgangen. Ein av mannskapet gav råd: Hopp! sa han. Og dama hoppa. Brått og med det same og utan førevarsel. Ho hamna som ein bombe rett på rådgjevaren, som nådeløst vart knekt i kne med vekten av den trauste tause over seg.

Lars ler litt ved tanken, og ser utover fjorden i retning av Brattheim og Skarbøen. Sunnavinden stryk lint ut gjennom Hjørundfjorden og krusar svakt bylgjetoppene slik at det blenkjer i kvitfargen ender og då. Ei tunglasta sandskute sig seint ut sjøvegen, medan ein kvit turistbåt, kjepphøg og nymåla, stemner innover. Men ferja di ligg still framleis.

- Ein annan gong var det spurt at doktor Holst var med dampen.

Lars lyfter litt på lua. Held henne i handa ein augneblink før han set ho på plass att. No har han rette glimten i augo.

Ei plasskone her lenger oppe i bygda hadde vore plaga av tannverk. No ville ho nytte høvet til ein medisinsk konsultasjon, og møtte fram då dampen med «anj Ølst» la til kai i Hundeidvik. Lækjaren stod på dekk. Dama bar fram ærendet sitt. Holst, som kunne vere litt hastig av seg, hoppa resolutt i land, beordra kvinna til å ta plass på ei 30 liters mjølkespann. «Gap opp!», sa han. Kona så gjorde og peika på den vonde tanna. Holst gjekk alltid med tang i lomma. Han lurte fram reiskapen, sette han på tanna, og drog, brått og utan bedøving eller nærare førevarsel, elendigheita rett ut av munnen på pasienten. Kona sette i eit kaldsleg vræl, spytta blod og freste mot Holst: «Å ditt styggeting!!». Så reiste ho seg opp, snudde tvert på hælen og gjekk rett heim att.

Glad i dyr og menneske

Lars er kjend for å vere lett å be om ei handsrekning. Dette førte til at mange spurde om hjelp i ulike samanhengar. Han utvikla seg etter kvart til å bli ein dugande altmoglegmann, som meistra det meste. Særleg var han flink med dyr. Det kunne vere dyr som var sjuke, dyr som skulle føde, eller dyr som skulle slaktast. Talet på griser han har slakta må vere fleire hundre. Elles var han med å slakte stutar, hestar og kyr. Ein gong slakta han ei stor ku for kjøpmann Kjemphol i Tusvik. For dette arbeidet fekk han eit slips. Lars brukte elles å ta fem kroner for å slakte

ei ku. For ein gris var prisen fyrst to kroner og seinare to og ei halv. Under krigen hende det at han vart beden om å slakte føl. Men det tykte ikkje Lars så mykje om. - Dei var så fine, seier han. Men det måtte gjerast like vel.

Elles fekk han gjerne innmaten av dyra han slakta. Lars dreiv revefarm også. Han hadde mange pelsdyr. Desse trong mat. Under desse slakteoppdraga var Lars inne i mange fjøsar. Dei fleste husdyrhaldarane både i Tusvik og i Hundeidvik og andre stader han var innom i Sykkylven, stelte krøtera svært godt. Folk var glade i dyra sine og flinke med dei.

At Lars oppheldt seg mykje ved kaia, fekk andre positive verknader og. Han hadde lært seg sjølv å symje, og vart, sterk og uredt som han var, flink i denne idrotten. To gonger redda han personar frå den visse drukningsdauden. Han symde ut til dei, førde dei til lands, og arbeidde med dei før dei kom til live att. I tillegg berga han også tre andre til lands. Men medalje, nei, var det likt seg? -Ikkje nøye med. berre triveleg å kunne hjelpe til litt.

Fisken var viktig

Foreldra til Lars hadde tolv born. No er dei berre fire att. Lars, som var eldst av gutane, måtte hjelpe til med det meste. Det vart lite tid til leik. Men Lars tykte det var moro å arbeide. Alt som smågut lærte han å pløkje åker og utføre forefallande arbeid. Ei oppgåve var å frakte varer frå sjøbuda og opp i tunet. Det tok tid å sele på hesten. Lars tykte det gjekk snøggare å springe ned på kaia og bere varene på ryggen. Han fekk god trening etter kvart, og bar lett hundrekilosekkar opp den hundre meter lange og bratte brauta til butikken.

- Bestefar, Ole Andreas, var likevel langt sterkare. Det gjekk gjetord om han. Men ein gong måtte den gamle gi tapt. Ei storkveite hadde bite på lina. Bestefar fekk storfisken berre halvveges inn i båten. Men då slapp kveita unna.

Ein annan gong fekk bestefar til lands ei ny trollkveite. Han køyrde denne flatfisken til tuns med hest og slede. Fisken rakk heile sleden frå ende til annan. Det er i alle høve over to meter. Men den kveita bestefar miste, var større, seier Lars og humrar høgt ved tanken.

Skikken i førre hundreåret.

Teikning: Sten Ivan Utgard.

og litt inn i dette, var at gamlefolket måtte ta seg kår når dei overlet bruket til ungefolket. Kåret skulle fø og kle dei gamle resten av deira tid. Det var ikkje alderspensjon då. Karkontrakta som bestefar hadde plikta seg til, var svært hard. Han måtte yte meir i kår enn han sat att med sjølv. Kårfolket skulle mellom anna ha fem tønner korn og fem tønner poteter. For å klare dette, måtte bestefar hyre fleire tenarar fast gjennom heile året.

- Tenarlønene var ikkje så høge, men noko kontantar skulle dei sjølv sagt ha, og så skulle dei ha mat. Det vart mykje fisk, og den var det bestefar som skaffa.

Elles dreiv Lars sjølv laksefiske i mange år også, åleine og saman med far sin. Særleg under krigen var fisket godt.

- Ein gong fekk eg ni laksar, og kvar av dei vog mellom åtte og ni kilo. Største laksen eg fekk nokon gong var 24 kg. Men eg miste ein som var mykje større. Det var så grov tråd i vegna den gongen. Mange lak sar oppdaga nota tidleg og styrte unna.

Laksen oppbevarte dei i eit ishus som bestefaren hadde bygd. Det hadde doble dører og doble veggar. Isen låg i sagmask. Bestefar henta is både til eige bruk og til sal. Det er fortalt at då eit ålesundsfirma tok til å eksportere fersk fisk, fekk firmaet bruk for is. Bestefar var ein av dei som skaffa denne vara. Han fann is ved ei sæter inne i Hjørundfjorden. Han bar isen i kipe på ryggen til trerørningen som venta i fjøra. Då båten var lasta, etter fleire turar opp og ned fjellsida, rodde han til byen. Det er om lag to og ei halv mil dit..

Fiske turk ing

-Ei viktig attåttnæring i ungdomsåra var fisketurking. Dei turka 200.000 fisk kvart år her i Hundeidvik før i tida. Berli og ulike andre firma i Ålesund stod bak. Kvart



firma hadde sin mann til å sjå etter fisken sin. Desse vart kalla for fiskesjefar. Mellom desse var Steina-Knut, Grønhaug-Knut, Tomas S. Utgård og Bastian S. Hundeide (d.e.).

Ålesundarane hadde kjøpt fisk i Lofoten og andre stader. Dei førte den flekte og salta fisken med store skuter direkte til Hundeidvik. Fisken vart ført med småbåtar til lands. Her venta framdragne færingar fylte med reint sjøvatt. Dei la eit par hundre fisk i gongen opp i færingen og vaska vara grundig. Folk kunne kla-



Lars L. Utgård.

re å vaske eit tusen fisk kvar dag. Dei måtte kanskje også stråle på fisken litt salt etter at han var vaska. Så måtte dei lø fisken. Han måtte slettast fint til så han ikkje vart rukkut. Lada skulle innehalde eitt tusen torsk. Fiskeladet var fonna som ein sylinder. Der vart eit hol inne i midten. Fyrste gongane skulle det kvite vende opp. Dette var for at fisken skulle halde på saltet. Over ladet vart det lagt ein trelem med stein på. Dette var for å presse ut vatnet. Fiskeladet stod slik nokre dagar før dei tok til å ha fisken utover fjøra. Heile fjøra, mange hundre meter, vart dekt med fisk. Seinare var det stabling av fisken att. Då med skinnnet opp. Skinnnet vende opp og spordane på fiskane inn mot midten. Fisketurkinga tok til alt i april månad og varte utover.

-Det var kaldt for fingrane å stå der og vaske på all denne fisken tidleg våren. Det var viktig at veret var høveleg. Regn var skadeleg, og for mykje sol var også skadeleg. Eit knep var det at dei kunne setje saman to og to torskar med kvitsida mot kvarandre.

Lars hugsar eit år han og broren, han Konrad, hadde teke på seg å turke 4000 fisk. Dei var uheldige og brende fisken i sola. Då fekk dei ikkje fem øre i betaling. Det var ikkje uvanleg at huslydar kunne ta på seg å turke 10.000 fisk i sesongen. Fisketurkinga var ei

viktig attåttnæring.

-Dei sa det i Velledalen at «de kan vere glade de ut i Hundeidvika som har fisketurkinga å leve av». Dei dreiv på med fisketurking til utpå 1950-talet. Prisane varierte. I mellomkrigstida kunne prisane ligge på 70 kr for eitt tusen fisk. Det syntest folk var grepa greier. På nittenfemtitalet var betalinga 300 kr pr. tusen. Berre i Hundeidvik turka dei fleire hundre tusen fisk kvart år. Dei turka fisk på same viset andre stader i Sykkylven og, der dei hadde høveleg fjøre. Ullavika er eit eksempel. På 1950-talet kom dei elektriske turkeria og gjorde slutt på fjøreturkinga. Dei har snart tekniske løysinga på alt slag no. Lars rister tenksamt på hovudet og ser på nytt sørvestover. Ferja har kasta loss og funne kursen.

Seterdrift, felespel og blandakor

Der var full drift på Utgårdsstølen heilt ut på 1950-talet og det trass i at der ikkje var veg. Der var berre ei rås dit då. Kwart bruk hadde sel og fjøs. Husmennene, som ofte ikkje hadde eigne seterfjøs, fekk ha dyra i fjøsane til bruka. Lars, og andre på Uggarden bygde nye sel og nye fjøsar der. No er der berre minne att. Hamna var delt i to. Vårbeita var heimanfor og haustbeita på andre sida. Dyra vart flytte på setra kring jonsok. Setrejentene gjekk til setra om kvelden. Dei mjølka kyrne og over natta der. Om morgonen mjølka dei på nytt, kjølte ned mjølka i bekken, sleppte ut kyrne og bar mjølka på ryggen heimart, der dei fekk seg mat før dei drog på slåtteteigen. Mjølkebåten kom i 9-tida. Skulle dei rekke den, måtte morgonstellet på setra ta til kl. 5. Det vart lange arbeidsdagar. Setreperioden varte til vanleg 7-8 veker kvar sommar. Men seterdrifta var ikkje berre slit. Om helgane var det ofte gjestebod på setra. Det var trivelege samkomer.

Det hende at Lars hadde med fela. Han vart tidleg interessert i dette instrumentet. Faren, som også hadde bedrift på Slinningen, var ofte der ute. Lars kan hugse at han skreiv til faren og bad om å få ei fele. Faren tok kontakt med Ludvik Sollid. Han skreiv heim instrument frå Tyskland. Seinare har det vorte fleire feler. Lars fekk eit prakteksempel i presang for nokre år sidan. Det er laga av den kjende fiolinbyggaren Petter Myrseth. Lars spela mykje saman med Sverre Aurdal, Petter Myrseth, Bernhard Villanger, Jens Blakstad, John Utgård og fleire. Dette spelmannslaget var i lang tid mykje nytta ved ulike samkomer i Sykkylven. Lars var også interessert i song. I ei årrekke var han med i Hundeidvik Blandakor. Ei fin tid, minnest han.

Bjørn i utmarka


Ei oppgåve for gutane ved hundreårsskiftet og tidlegare var at dei måtte fylgje sauene på beite opp i marka. Folk var ikkje sikre for bjørnen den tida. Ein gong hadde ein bjørn jamvel kome inn i gamlehuset på Joakim-plassen. Han hadde truleg lukta noko borte i grua. Der reiv han ned eitkvart. Bamsen vart skremd av dette og bykste ut døra med dunder og brak. Folket, som nysst hadde lagt seg, vakna. Mannen i huset såg ut glaset. Då

såg han bakenden på bjørnen nett i det same han bykste over steingarden. Bamsen hadde tydeleg dårleg tid. Lars råka aldri bjørn sjølv. Men farbroren, han Hans, vart ute for dette store rovdyr.

- Det var to dagar før onkel fylte 13 år, den 9. september 1895, at han var saman med granneguten Petter Larsen Utgard frå Hoggaplassen og to andre. Dei skulle hente heim sauene. Dei ville samstundes sjå etter ein kalv som var sakna. Det var endå til kalven hans Styrka-Petter.

Lars er ein dugande forteljar. Eit talande kroppsspråk demonstrerer og strekar under viktige moment i saga. -Gutane var komne eit stykke midt inn i lia her inne. Lars peikar, lokalkjend som han er. -Der er ei ur. Straks nedanfor denne vesle ura såg dei noko brunsvart. Gutane trudde det var kalven hans Styrka-Petter.

«Her er kalven», ropte farbror. Bjørnen vakna av ropet, bykste opp, greip guten i fanget og rulla seg ned gjennom småskogen. Onkel Hans var ein stor og sterk gut, trass i at han berre var knapt tretten år. Han greip tak i skjegget til bjørnen og klarte å hindre at dyret fekk bite. Petter hadde med seg eit haglegevær. Då han hørde at kameraten ropte ordet bjørn, skaut Petter i lufta med børsa. Udyret sleppte Hans og sette til skogs. Farbror vart liggande att på bakken. Bjørnen hadde klora og flekt av hud frå hovudet hans. Elles var han å sjå til uskadd. Hans prøvde å gå, men klarte det ikkje. Petter



måtte hente hjelp, og dei bar Hans heim att. Komne heim, sette skyldfolk båt på vatnet, og rodde hynen til sjukestova i Ålesund, Motorbåtar fanst ikkje her då. I byen vart Hans verande åtte dagar tør han kom heim att. Guten vart betre og betre for kvar dag, og alle vona at dette skulle gå bra. Men redsla sat i..

Forteljaren lever seg heilt inn i saga. Brått er dette noko som liksom har hent nyleg. I fjor. I går. Ikkje for hundre år sidan. Men så gjorde også hendinga eit djupt inntrykk både her og i andre bygder vide i kring. I alle generasjonar sidan har det gått gjetord om kampen mellom slagbjørnen og gutungen i Megardslia.

-Ein gong litt seinare same hausten skulle onkel vere med far fram i utmarka og hente torv. Då skalv han som eit ospelauv av redsle.

Så hende det seinare på hausten at Hans var med på sjøen og brukte line. Han fekk saltvatn og trekk i såret og vart kraftig nedkjølt. Dette var ikkje bra. Hans vart sjuk, og døydde stutt tid seinare. Lars ser opp mot dei ville tindane som Skopshornet reiser mot kanten av Megardsdalen. Innunder dei kvasse, høgt himmelpaikande og forvridde steinspirane ligg lengst inne steile svaberg. Lenger ute ser vi digre dungar av kjempestore steinblokker som har hopa seg opp i umåtelege mengder.

-Kvar bjørnen var reist, var ikkje godt å seie. Dei trudde at han kanskje var vekk lenger inn i Megardsdalen.

Det vart sendt bod etter tre skarpskyttarar frå Velledalen. Dei la seg på lur inn på Reset. Så gjekk hundeidvikarane manngard i retning av skyttarane. Dei slo på blekkjerald og skråla og ropa. Men ingen bjørn kom fram. Det viste seg at den gamle hadde sett unnabakke og var vekk inn i Gjevestranda. Der fann Gjeve-Tore nokre dagar seinare ei geit som han hadde drepe. Han skar bogen av geita, sette til gift, og la ut skrotten til åte. Han gjekk inn att neste dag. Jau, bjørnen hadde vore der. Han hadde ete ein god grand av det forgifta kjøtet. Dei fylgde sporet eit stykke. Ved ein bekk i eit gyl lenger inne fann dei dyret. Han hadde søkt dit for å få seg vatn etter at gifta tok til å verke. Dette var den siste bjørnen som har vore sett her i Vika.

No har ferja di lagt til lands. Skipet har alt opna stål munnen og har teke til å sleppe bilane sine i land. Det er best å stille seg i kø. Du takkar for praten og gjev deg vidare i veg. Lars vinkar god tur, smiler vennleg og held fram med målararbeidet. Var det nokon som sa at nitti år er ein umogleg alder?

Teikning: Sten Ivan Utgard.

Per Eldar Linge, fødd i Valldal, no førsteamanuensis i pedagogikk ved lærarhøgskulen i Halden, gav ut den fabulerande boka «Gangerolvs mektige Møre» i 1992. Boka fekk sterk motbør frå faghistorikarar. Her tek han oppatt og utdjuper sine teoriar, som plasserer det mektige Sigtuna i Sykkylven.

Sykkylven så det susar i historia

AV PER ELDAR LINGE

Språkforskaren Håkon Melberg frå Halden meinte å kunne føre språkvitskaplege prov for at det einaste konkrete stadnamnet dei gamle normannarkjeldene knyter til saga om Gangerolv, er Fauske i Sykkylven. Dei sa at heimetraktene til Gangerolv var skjerma av høge alpar, mest som skulle det vere ei konge-krune. Men dei sa og at der var rike og mektige samfunn, og at far til Rolv, Ragnvald Mørejarl, var mektigast i landet. Dette var i Harald hårfagre si tid.

Adam av Bremen skreiv rundt år 1070 saga om erkebispstiftet i Hamburg og ei geografibok om Norden. Dette verket er nett omsett til norsk, om enn med ein del nedarva omsetjarfeil og historikarmyter. Adam kallar sveane sine viktigaste stader for Sigtuna og Birka. Han seier at desse stadene ligg nær kvarandre. For å kome dit, var det fem døggers sigling (1.333 km) frå Skåne. Dette stemmer med Møre. Det var dessutan ein månad å gå til fots dit frå Skåne over Skara og «Teiga». Adam tenkte vel på Østerdalen (Tolga), og ut frå standard dagsmarsjar på 34 km, stemmer det med ca. 1.000 km. Dette var elles pil-grimsvegen til Trondheim, som Adam kjende til.

Distansemål

Tilsvarande skulle det vere fem døggers sigling frå Birka til russegrensa. Heilt til nyare tid var det rekna at Finnmark var sams område for fleire folk og rike, der russarane var eit viktig innslag både som handelsmenn, fangstfolk og skattekrevjarar. Adam sine opplysningar er difor korrekte også ved at det er fem døger sigling frå Stadt til den gamle landsgrensa ved Andsnes. Dessutan sa han at dei same fem døggra var det frå Birka til «alle havner rundt dette havet». Og den avstanden er det sanneleg til ein vid krins av kjende hamner som London, Dublin, Island, Grønland, Bottenvika, Finskebukta, Kurland (Latvia), Gdansk-bukta og Jomsborg ved Odens munning.

Opplysningane hjå Adam er både korrekte og karakteristiske for Birka. Birka vart kalla hamneport og Birkevik av Rimbert, som skreiv livsoga til den heilage Ansgar, og som Adam nytta som kjelde. Del skulle vere ei dagsroing mellom Birkevik (ved Volda) og Sigtun. Den som mæter ut denne avstanden (36 nautiske mil) frå Birkevik, vil ende nett og jamnt ved Klokkehaugen i Sykkylven. I Sverige er det minst ni ulike teoriar om kva stader Adam eigentleg har

meint med Sigtuna Birka. Dei har alle det til sams at dei ikkje kan tolke distansemåla til Adam som rette mål. Vidare at dei tolkar Adam sine utsagn om landskapet som det reine vas. Likevel er det fest ei uhorveleg prestisje til den svenske hovudteorien - at Adam skreiv om det noverande Sigtuna og om Bjørkø i Mælaren, der dei no grev fram ein viktig marknadsstad.

Sykkylven i Sveariket

Ein føresetnad før å skjøne Adam, er at Sykkylven ligg i Sveariket. Men det er slett ikkje ein ny tanke. Snorre fortel at etter slaget ved Svolder (år 1090) fekk sveakongen råderetten over Møre, og alt tyder på at dette var etter gamal hevd. Etter Adam å dømme var det gotene som rekna sitt landskap heilt til Sunnmøre. Opplanda var namn på det som låg mellom gamle Gotaland og Sunnmøre. Det var fellesnamnet på dei gamle fylka Heinafylket, Hadafylket. Rome rike, Gudbrandsdal, Østerdal og svensk Uppland. Til



Skiring frå 900-talet. Her er det Olaf Blåtand som vert kristna. Gullplakett i nasjonalmuseet i København.


Adam hadde sjølv ikkje vore på desse stadene. Han visste frå skriftlege kjelder (m.a. Rimbert) at Hamburgstiftet hadde oppretta ein skiringshall i Birka, der folk kunne ta ved dåpen, alt i år 830. Dette kan stemme med at Ottar frå Hålogaland om lag førti år seinare kjem til ei hamneport som han kallar Skiringshall. På hans tid kjenner ikkje kjeldene nokon annan stad enn Birka som dette kunne gjelde for, altså både hamneport og dåpskyrkje. Distansernåla hjå Ottar stemmer med Adam sine.

Paradoks

Så litt attende til Gangerolv. Normannarkjeldene seier at hans fødestad var omgjeven av alpar eller tindefjell, liksom ei kongekrone. Adam brukar biletet av eit romersk teater. Begge deler fortel om eit særmerkt landskap der ein rund omgjevnad av fjell er det karakteristiske. Eit slikt landskap finst ikkje nokon stad i dagens Sverige. Det er eit ope spørsmål om det finst andre stader i Noreg enn i Sykkylven, og det er i alle høve ein karakteristikk av Sykkylven-landskapet som ikkje berre er treffande, men som nesten er genial, så enkel og presis som han er.

Ho samanfattar dette minnerommet for Sykkylven i eit kart som, om ein ikkje visste betre, kunne vere eit oppriss av eit romersk teater.

I ei tid då kartkunst og annan biletinformasjon var lite utvikla, var sinnsbileta som som kunne berast i språket viktige. Det å kunne omgrepsfeste karakteren til eit landskap kunne vere like avgjerande som eit spionkart i vår tid. Slik sett er altså det romerske



47



Per Eldar Linde mellom med to av sine hardaste opponentar under bokpresentasjonen i Volda, Til venstre arkeolog Helge Sørheim ved Sunnmøre Museum og til høgre førsteamanuensis Atle Døssland ved distriktshøgskulen i Volda. (Foto: Terje Engas)

teateret på det næraste perfekt. Det ber også i seg ei førestilling om mektige og dramatiske hendingar på scenegolv. Trekkjer ein bilete noko vidare, er det Sykkylvsfjorden som er scenehuset. Derifrå gjer aktørane sin entré.

Hjå Adam heiter heilagdommen på sletta Uppsala. Etymologisk tyder namnet Høgسالane. Gardsnamnet Oppsal finst både ved Sykkylven og Birkevik, og er elles vanleg både i Noreg og Sverige. I mange samband kan namnet tenkjast å vise til festning eller bygdeborg, der salane er forlegning. Men her på sletta viser nok Upp- til noko som ragar i veret, eller helst til Den høge sjølv, - Odin. Odin var danekongane sin stamfar, og uppsalane var hans tempel og tilhald. Namnet fanst berre så lenge tempelet fanst. Men det er tankevekkjande at så mange av storgardane i Sykkylven, som ligg på dei beste og mest fruktbare stadene, har vore kalla «ødegardar». Uppsala öd er nemleg det gamle svenske uttrykket for krongods, noko desse gardane også tydeleg har vore (t.d. Klokkehaug. Tandstad, Straume). Det er reint urimeleg at desse ødegardane skulle gå ut av drift sjølv etter ei katastrofe som Svartedauden. Eit vanleg namn for konge var ødling, ein ødegard var dermed kongens gard.

Elles er utan tvil det mest interessante gardsnamnet i Sykkylven Rikisheimr (Riksem). Dette eldste kjeldefeste gardsnamnet på Møre tilsvarar heilt ut det Adam kallar metropolis (av gresk «moder» og «stad») eller hovudstad, riksheim. Men dette var hovudstad i kraft av kongsheim, ikkje nokon by, men ei samling av store tun.

Nye tankar

Det har gått ei tid sidan eg skreiv boka om Gangerolvs mektige Møre, og eg har dels kome på nye tan-

kar om bygdenamnet Sykkylven. Eg er no ganske viss om at dette namnet er det gamle bygdenamnet, at det også var i bruk både på Gangerolv si tid og truleg også på Ansgar og Ottars tid, og at det ikkje har endra seg mykje i form eller uttale. Den første lekken av ordet er **Sig**-som tvder «strid», men som også er stammen i ei rekkje Odinnemner (Sig-trygg, Sig-far, Sig-arr). Det er identisk med førstelekken i Sig-tuna. Uttaleregelen i gamalnorsk var at, /g/ lyden i framlyd og etter / m-/ og /n-/ skulle uttalast som «plosiv», det vil seie som i moderne norsk. I alle andre høve ville uttalen vere «frikativ», mest som ein /j/-lyd. Sig- ville altså uttalast nærmast som /sij-.

Dette ser vi frå dei eldste kjende skriftformene av ordet. Den eldste, i *Sic-kifli* (1325) er språkleg korrekt. 1500-talsformene er meir farga av uttalen: *Sii-kiøffle*, *Sic-keffuel*, i *Si-kieffle*, *Si-kiøffle*, *Siø-kofflen*. Om desse kan vere å seie at dei speglar ulike, rimelege oppfatningar av det same lydbiletet, men at den siste forma førebur den moderne forma Syk-. Der er same vesle lydbrigdet som i gardnamnet Tjønes -Tynes.

Det er vanskeleg å vurdere om Sig- finst i andre gardnamn i Sykkylven, då det lett kan veksle med Sjø-. På Blindheim heiter det tildømes Sjø(a)bakken der det vart funne ei lang rad opplagde store, flate steinar i fleire høgder i åkerreina (1904). Det kunne vere eit vern mot at molda skulle rause unna bakke, men det kunne like godt, slik det såg ut, vere eit forsvarsverk for garden, altså ein *Sig(ar)bakke. På ei høgd ovanfor Ullavika låg Kagholen eller Sjurhaugen. Truleg har dette vore ein kakhaug, altså ein galge eller gapestokk. Her kan det og ha vore sagt Sigarhaugr. «Sigarhesten» var eit anna namn på galgen, i sin tur eit viktig symbol for konge og dømande makt.

Den andre lekken i bygdenamnet må etter skriftformene å dømme vere -kyfli*. Den gamalnorske uttalen har truleg vore nær «Sig-kjivle». uttalen i mellomalderen nær «Sjø(k)-kjøvle».

Kyfli er inkjekjønn fleirtal, nær i slekt med det moderne ordet kjevle. Ordet kan og vere hokjønn, og det tyder

- .) 1) «klubbe», «kølle», «lurk»,
- 2) «det øvre kjegleforma stykket av skipsstommen»,
- ;) 3) «mannslem»
- !) (4 samansette ord:) -»mann»

I England og Island vart nordmenn kalla austmenn i gamal tid. I det kjende Haraldskvedet som omhandlar slaget i Havsfjord, lyder det

(...)

østusk austkylfur

ok utn Jadar hljópu

heim ór Hafrsfirdi

ok hugdu á mjöðdrykkju

I Hallvard Magerøy si omsetjing: - Øste over Jæren. austbiksar rømde;/ heimatt frå Havsfjorden/ lystne på mjøddrikk.

Stridsmenn og kjempar

Her finn vi -kylfur som motsvarar -kyfli, og austkifli er til vanleg nær same som austmenn. Men, som Magerøy vil ha det, det er helst snakk om biksar, menn som det står respekt av, «brandar» som vi seier. **Sykkylven tyder altså «stridsmenn» eller kjemper.** Dette finn vi lett att i gardsnamn som Kjemphol eller i Kampvollen (overlevert form frå Fauske) eller Kjempeleia frå Tandstad. At både Sig- og -kyfli mest er nytta i poetisk eller høgtidssam samanhang, tyder på at dei er gamle alt i gamalnorsk tid. Slik eg, på mi kjetteriske vis, les kjeldene, kan det gjeme ha vore namnet som vart sett på bygda då danekjempene erobra Møre og Valdres kring år 500) og slo seg ned i Sigtuna. Desse tuna var mellom andre Rikisheim, Eirikstad, Straume, Tandstad, Fet, Lade, Velle. Hjorthol, Tjønes, Vik. Aure, Kjemphol. Blindheim, Fauske, Ørsnes og Klokkehaug. Men sigkiflene sine tun var nok og spreidde i andre sunnmørsbygder. Kongen og adelen heldt seg med tylvter av gardar og var ikkje stadbundne til noko eller nokre slott. Ei bygd som Sykkylven kunne nok huse ein konge, men ikkje bere ei kongemakt aleine.

Gullbrand i Vik

Det var heller strategiske omsyn som gjorde Sykkylven til eit kjerneområde både i nær og fjern geografi. Den styrtrike Gullbrand i Vik, som det går så mange segn om, er for meg eit namn på den og dei som rådde over det gullprydde Uppsalamplemet, som og kunne kallast *gullkifler* like gjerne som gullbrandar. Med andre ord kongsmakta og dei som høyrde den til. Hans Strøm kan fortelje at Gullbrand rådde over Vik, Velle, Aure, Grebstad og Eidem. Kanskje var dette under ei tid kongen sine gardar i Sykkylven?

Sjølv om det kunne finnast «takmarker» med fleire hundre hushald eller eldstader i vikingtida, ville det vere vanskeleg å finne busetnad som hadde bykarakter i moderne forstand. Adam nyttar ofte ordet *civitas* om dei samfunna han skriv om. Dette ordet går heller på eit hopehav av eidsvorne menn, ofte faktisk best omsett med «vikingar», der ordet vik tyder ei hamn eller ein byspire under sams leiing og jurisdiksjon (= birke), og vikingane («dei frå vika») er dei eidsvorne under denne leiinga. Adam kallar til dømes jomsvikingane på tokt for *civitas*, og det kan sjå ut til at Bir-

ka og Sigtuna, sjølv om dei er geografisk skilde, er forbundne i same *civitas*. Når han kallar Sigtuna *civitas maxima*, som han og kallar Roskilde og vestgotene sitt Skara, er det fordi dette er kongeseter, med andre ord rikeshimar. Kjem du til vakre Velledalen og Sykkylven frå Stranda-kanten, møter deg først Drotninghaug, usikkert om det kan ha vore gamal gard, men sikkert nok eit gammalt merke. Ordet, slik det er overlevert, må skrive seg frå gno. *drottinn* = «høvding», «konge». Slett ikkje rart etter det vi har sagt!

Ein start og invitt

Så er dette langt nok om Sykkylven i historia. Ennå berre ein start og ein invitt. Eg har ikkje nemnt at det er segn og trådar i sykkylvs- og sunnmørstradisjonen som er opne for den tolkinga eg her legg fram. Heller ikkje den særspanande nye arkeologien på Auremarka. Heller ikkje at på det kartet som den arabiske geografen Idrisi gjorde for kong Roger II på Sicilia på 1100-talet, står det utan tvil *Siktun* på det som må vere nordvestkysten av Norge. Og dette vert tydelegare di meir kartet vert tolka som noggrann informasjon. Det same gjeld Adam av Bremen, eigentleg den store autoriteten på Nordens geografi i mellomalderen. Han representerer ikkje noko kunnskapens tåkehav, slik Fridtjof Nansen ville ha det til, men presis informasjon til nytte for ein erkebisp som hadde Norden som si viktigaste melkeku.

Men den som tar Adam på ordet, må kaste mangelen ei historikarmyte om koll. Sykkylven vil ikkje tape på det. Kva spel har det vel vore på den scena!

*) Gamalnorsk tillet ikkje vokalen /y/ i trykklett stavning. Då kunne berre vokalane /i/, /a/ og /u/ nyttast. Dette forklarar 1300-talsforma med /i/. På 1500-talet er det tydeleg at vokalen har meir farge, når dei skriv Ø/, /e/ og /o/. Denne uvissa i uttalen finst ennå, men den berre understrekar at opphavet er -kyfli.



Eit kyfli (detalj frå Osebergskipet). Truleg kunne ordet stå både for eit stamnestykke og for sjølve skipet, som og kunne kallast ein «mann». Sml. engelsk *Man of War* om krigsskip.



Nils Einar Rye

Nils Einar Rye er utdanna lærar og arbeider for tida ved Sykkylven Vaksenopplæringscenter. Han har i fleire år vore journalist i Sykkylvsbladet. I fritida skriv han dikt der han tek føre seg det fundamentale spørsmålet i tilveret: Kva er det å vere menneske? Han tek mellom anna opp konflikten mellom rasjonalitet og emosjonar og spør kva det er verdt å bruke tida si på?

NO

På kne
Små fingrar puslar
med den store gåta

Kveldssol i varme kinn gir
glod til to klare auge
Opne dører mot alle under

No
Er lydane borte
for henne
Bileta rundt
løynde av denne vesle
spiren til kunnskap

Til sanning

Kvite blad mot lyset
Eil nett av livstrådar

Kjelder
som aldri har vore
og aldri kjem att

Dei er
No

VENT PÅ MEG

Når eg ser deg ligge der,
under ein kvelving av høge fargar
som Faren vår breidde over deg
den gong han var uendeleg nær,
då anar eg
fred

Når eg ser deg stå der ute,
over alt vi trur vi kjenner,
gøymt under børa av «vitskapen»,
då kjenner eg vemod

Av og til
i små evige sekund
ropar du til meg,
så stille at eg anar kor stor du er

Av og til
skimtar eg gjennom disen
handa di

Ver så snill,
bror
Vent på meg

VIDDER

Uendelege, evige flater
av ingenting
Krystallar speglar kvelvinga,
tomrommet over det som livet skapte
og skapte livet

Hit,
hit gjekk flokkane som leita som
snudde krystallane mot lyset, fann nye
fargar

Spor,
gamle spor etter Ordet
i den varme skuggen etter lyset.
Det som stille, varsamt, umerkeleg
let dei vere att

Aleine

DER

Unemnelege tankar trenger på
Kjempar
Riv og slit
Vil inn dit dei ikkje
har lov til å vere

Der
I mitt geometrisk perfekte
system av organisert
spontanitet

Der
Der logikken spelar rolla
som opium
Som rettesnor

På vegen mot eit mål
eg alt har
gått forbi

DET VAR EG LOVA

Eg trudde ho kom
Når eg berre var ferdig
med alt
eg skulle gjere

Ho skulle kome
Det var eg lova

Når alt var betalt
Bordet reint

Eg venta henne i
andelaus spenning
Gjekk og steig
Venta

Ho kom ikkje

Gleda

Nils Einar Rye

Per Robert Tafjord.



Corrado Genta.



SOMMERDAG

Tekst: Per Robert Tafjord Musikk:
Per Robert Tafjord/Corrado Genta

1. So- la sitt gla- de smil. Skin ov- er folk Og
2. Bøl- ge- svulp, ba- de- liv. So- la så glad og
3. Dag- en går så de- mot kveld, so- la går ned mot

land. Og hav- ets stil- le brys smyg seg så
rund. Lat- ter og hø- ge hyl. So- la er
vest. Og bar- nas gla- de leik er den du

lett mot strand. Folk som ligg ned på
glad og sar rund. Barn dei lei- kar i
hug- sar best. Sit i den stil- le

strand- a vin- kar med han- da si til
vat- net, duk- kar og har det gøy. Vi
kvel- den, dag- en den var så god. Du

båt- ar som sig- lar på fjor- den. Folk er så glad dei har
gler oss al- le med so- la, Kla- rer oss mest ut- an
lik- ar den stil- le fre- den, dag- en går sak- te til

fri. (Ref:) Som- me- er- dag
tøy.
ro.

So- la skin. Bøl- ge- skvulp mot

strand. Som- me- er- dag, ein

dag så fin. Må- sen lei- kar i

luf- ta, Barn dei lei- kar i sand.

VI TAKKAR FØLGJANDE
BEDRIFTER FOR STØTTE
TIL UTGJEVINGA AV
"ÅRBOK FOR SYKKYLVEN 1994"

MØRE TRAFØ AS
HJELLEGIERDE MØBLER AS
PETERSON SYKKYLVEN AS
IDEBYGG AS
KREDITKASSEN NORDVEST
SPAREBANKEN MØRE
VESTLANDSKE MØBLER AS
SVEIN ASBJØRNSSEN PRODUKT DESIGN AS
GJENSIDIGE SYKKYLVEN
SANDELLA FABRIKKEN
DAGFINN LØKEN AS
ELVELAND BIL

Å VERE RIK

Ro i ein båt innved land,
ei natt med sordin

Gå etter ein krongleveg
langs stranda
Høyre ein surlebekk
røde med seg sjøl
nedi graset

Timje andletet
til blomane
innved trerota
i den mjuke
sommarnattskuggen

Sjøen som smelta bly.
båreskval
millom tare og steinar
og måseskrik

Og du
kjenner deg rik



Tekst og maleri av Petter Kursetgjerde